# ØKONOMIPLAN 2020-2023



Surnadal kommune

Vedteke av kommunestyret 12.12.19

## Innhald

1 Kommunedirektøren sin kommentar ....4
2 Politisk grunnlag for budsjettet ....6
3 Plan og analysar ....6
3.1 Plan- og styringsdokument for Surnadal kommune ....6
3.2 Samfunnsdelen ....7
3.3 Likestilling ....8
3.4 HMS – arbeid ....9
3.5 Folketalsutviklinga i kommunen ....9
3.6 Sentrale inntekter ....10
3.6.1 Eigedomsskatt ....10
3.6.2 Konsesjonskraft ....10
3.6.3 Skatteinntekter og inntektsutjamning ....10
3.6.4 Rammetilskot og utgiftsutjamning ....11
3.6.5 Frie inntekter (skatt og rammetilskot) ....13
3.6.6 Lånegjeld, rente og avdragsutvikling ....14
3.6.7 Renter og avdrag eigne anleggsmidlar ....14
3.6.8 Kommunal deflator ....14
3.6.9 Fond ....14
3.7 Utvikling i einingane sine rammer ....15
4 Sentraladministrasjonen ....15
4.1 Sentraladministrasjon – ansvar 100 ....16
4.2 Personal og stab ....16
4.3 Næring og utvikling ....18
4.4 Digitalisering og ikt ....19
5 Kultur – ansvar 130 ....20
6 Politisk verksemd – ansvar 150 ....22
7 Fellestjenester oppvekst – ansvar 200 ....22
7.1 Nettverk Nordmøre – ansvar 210 ....22
8 Oppvekst ....22
8.1 Midtigrenda barnehage – ansvar 223 ....22
8.2 Øye og Skei barnehage – ansvar 227 ....24
8.3 Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter – ansvar 231 ....25

8.4 Mo oppvekstsenter – ansvar 233 ....... 26
8.5 Todalen og Stangvik oppvekstsenter – ansvar 234 ....... 28
8.6 Øye skule – ansvar 236 ....... 29
8.7 Surnadal ungdomsskule – ansvar 237 ....... 30
8.8 Vaksenopplæring og integrering–ansvar 238 ....... 31
9 Fellestjenester helse og sosial – ansvar 300 ....... 33
10 Helse og omsorg ....... 34
10.1 Helse og familie – ansvar 310 ....... 34
10.2 Sjukeheimen – ansvar 330 ....... 36
10.3 Bu- og aktivitetstenesta – ansvar 340 ....... 38
10.4 Heimetenesta – ansvar 350 ....... 40
10.5 NAV Surnadal – ansvar 360 ....... 41
11 Teknisk ....... 43
11.1 Teknisk drift – ansvar 420, 430 og 460 ....... 43
**Status** ....... 43
11.2 Areal- og naturforvaltning – ansvar 440 ....... 44
12 Interkommunale samarbeid ....... 46
12.1 IK barnevern - ansvar 540 ....... 46
12.2 Surnadal og Rindal PPT– ansvar 510 ....... 48
12.3 Surnadal og Rindal Kulturskole – ....... 50
ansvar 520 ....... 50
13 Løyvingar og prioriteringar ....... 52
Investeringsskjema 2020-2023 ....... 55

# 1 Kommunedirektøren sin kommentar

Sjølv med stramme budsjett og eit driftsnivå under stadig press dei siste åra så har vi eit klart inntrykk av at Surnadal kommune fortsatt leverer ein tenestekvalitet på eit svært godt nivå. Kommunen sine tilsette ein gjer ein særs god jobb som innbyggarane sett stor pris på. Dette gjeld innan barnehage, grunnskule, helse ogomsorg, tekniske tenester, samt administrative forvaltnings- og utviklingsoppgåver i lokalsamfunnet vårt.

I økonomiplanen kan vi sjå at driftsbudsjettet og økonomiplanen nok ein gong er stramt, medan dei samla investeringane (og låneopptaket) i planperioden er på eit historisk høgt nivå, og dette vil sjølsagt også få driftsmessig negativ effekt gjennom auke i rente og avdrag.

Men vi har klart å få til eit budsjett for 2020 utan sterke kutt i tenestetilbodet, men dei to siste åra i planperioden (2022 / 2023) vil truleg gje langt meir utfordringar. På sikt må vi nok erkjenne at det ikkje er muleg å halde fram med riktig alle tenestene som i dag. Det vil nok derfor vere nødvendig å sjå nærare på tenestestrukturen i løpet av planperioden, kombinert med effektiviseringstiltak i alle einingar.

Skal vi klare dette må vi vere svært nøkterne i drifta vår, og ikkje minst vere restriktive når det gjeld ny rekruttering. Vi bør i løpet av 1-2 år redusere med minst 10-15 årsverk gjennom naturleg avgang (evt. bruk av sluttpakkar), noko som kan vere ein vanskeleg balansegang da det også er viktig å ha tilstrekkeleg kompetanse i alle einingar til ei kvar tid.

Budsjettet for 2020 er balansert med eit lite overskot, som er gjort muleg gjennom ein kombinasjon av kutt i driftsutgiftene for nokre einingar - og auke i sentrale driftsinntekter som t.d. eigedomsskatt. Som følgje av gjennomført retaksering av alle typar eigedommar vil ein få auke i eigedomskatt frå næring – og det vil også vere grunnlag og potensiale for litt auke i eigedomsskatt på bustad/fritidsbustader – men likevel vere godt innafor regjeringa sitt nye maksimale tak for eigedomsskattesats. Eigedomskatt frå kraftverk vil også auke i 2020 samanlikna med året før.

Innvandringa til kommunen har vore viktig for Surnadal kommune dei siste åra, men samanlikna med andre kommunar utgjer dei enno ein liten del av folketalet. Det er no omlag 85 flyktningar i kommunen. Talet på asylsøkjarar til Norge er betydeleg redusert, og ein større del av kommunane får ikkje tilbod om å busette flyktningar. Vi kan heldigvis vise til gode resultat i arbeidet med å legge til rette for at innvandrarane kan utvikle sine eigenskaper og skaffe seg utdanning og arbeid, og vi vart også tildelt 16 nye flyktningar som skal busette seg i kommunen i 2020.

I arbeidet med å effektivisere tenesteproduksjonen ligg det er store mulegheiter. Vi kan no nå ut til befolkninga 24 timer i døgnet, og teknologien gjør at arbeidsprosessane internt i kommunen blir meir effektive. Det aller viktigaste er å klare å sjå tenestene «utafrå», altså med brukaren eller innbyggaren sine briller. Arbeidet med å modernisere enda fleire arbeidsprosessar blir også ein viktig del av kvardagen i 2020.

I 2019 vart einingane Kommunalteknikk og Eigedom fusjonert til den nye eininga Teknisk drift. Det er gjennomført ei administrativ strukturendring av eininga, som vart gjort gjeldande frå 1. november. For nokre av dei tilsette vil det innebære nye fagfelt å sette seg inn i, men med felles innsats har eg tru på at dette vil bli ei god eining for å drifte våre bygg og tekniske anlegg.

I etterkant av kommune- og regionreforma arbeider vi no med å tilpasse det interkommunale samarbeidet med nye strukturar. Til neste år blir vi vertskapskommune for kulturskule- og PPT-samarbeidet for Surnadal og Rindal. Vidare blir vi vertskommune for eit interkommunalt barnevernssamarbeid mellom Surnadal, Rindal, Sunndal og Tingvoll.

Vi er «assosiert medlem» i Orkdalsregionen , særleg pga. helsesamarbeid (legevakt mv) og  felles samferdselsutfordringar (FV65). Samtidig er vi sjølvsagt ein del av Nordmøre og ORKide. Dette gjer at vi kan hente kunnskap, erfaringar, påverknadskraft og nettverk i to regionar – men samtidig krev det også meir tid å delta i to regionråd.

I investeringsplanen er det i år lagt fram eit forslag på heile 138 millionar kroner for både 2020 og 2021, som er godt over det dobbelte av investeringane i 2019. Hovudårsaka er oppstart av «nye Øye skule og nye omsorgsboligar ved sjukeheimen, som utgjer ca 73% av det samla budsjettet i 2020. Det er vidare lagt inn nye 4 millionar kroner til å legge fast dekke på kommunale vegar, på same måte som for åra 2017- 2019.  I dette arbeidet inngår også nye stikkrenner og forsterking av bruer. Kommunedirektøren meiner dette er viktig for å redusere behovet for vedlikehald av dei kommunale vegane.  Investeringsmidlar til gatelys i eksisterande bustadfelt er vidareført i 2020 med kr 1,5 mill. Dette er positivt både for trafikktryggleik, trivsel og attraktivitet.

Tilsette som føler seg sett og verdsett, ansvarleggjort og myndiggjorte vil vere eit viktig bidrag for å lykkast i arbeidet med å tilpasse driftsnivået til reduserte inntekter. Vi må arbeide for å styrke fellesskapsfølelsen ved at kvar enkelt tilsett føler at det ein yter er eit viktig bidrag for Surnadal kommune og tenestemottakarane, og at vi saman kan få til eit godt resultat.

Eg vil framheve den gode jobben som dei tilsette i Surnadal kommune gjer kvar einaste dag gjennom heile året.  Samtidig har vi eit utviklingsorientert kommunestyre, og midt oppi dette er mitt håp at eg som kommunedirektør kan bidra til å få ut det beste av dei samla personressursane i lag med dei andre leiarane i kommunen.

Vi har alle eit ansvar for å skape forståing for det arbeidet som må gjerast i 2019 og vidare i økonomiplanperioden. Vi er ikkje i noko særstilling i kommune-Norge når det gjeld spørsmålet om å få til ei bærekraftig drift.  Framtida vår handlar i stor grad om evna vår til å produsere best muleg tenester ut i frå dei inntektene vi rår over til ei kvar tid, og fordele tjenestene mest muleg rettferdig til innbyggarane ut i frå faglege og politiske synspunkt til ei kvar tid.  Skal vi klare dette må vi ha ei stadig meir rasjonell og effektiv drift, og samtidig vere dyktige for å få ein mest muleg rettferdig ressursfordeling, og tilpasse oss den langsiktige utviklinga av demografien i kommunen vår.

Surnadal, 11. november 2019

Knut Haugen
kommunedirektør

# 2 Politisk grunnlag for budsjettet

Tysdag 24. og onsdag 25. september hadde vi årets budsjettkonferanse, der kommunestyret (dag 1), hovudtillitsvalte, hovudverneombod, einingsleiarar (dag 1) og leiargruppe (til saman 55 personar) var samla til presentasjonar, drøfting og prosessarbeid for å kartlegge årets budsjettutfordring – og ikkje minst arbeide saman for å finne gode forslag for å redusere kostnader. På dette viset fekk vi fram mange nyttige tankar som er lagt inn i budsjettet.  Elles har budsjettarbeidet i oktober vore presentert for alle hovudutvala, der politikarane har hatt høve til å komme med signal til administrasjonen sitt vidare arbeid.

# 3 Plan og analysar

## 3.1 Plan- og styringsdokument for Surnadal kommune

| Plan/ Periode | 12 år | 4 år | 1 år |
|---|---|---|---|
| KOMMUNEPLANEN Visjon og langsiktige mål | | | |
| ULIKE STRATEGI - OG TEMAPLANER | Mål Strategiar Mål | | |
| ØKONOMIPLAN med handlingsplan | | Delmål Delmål | |
| LEIARAVTALAR med plan for verksemda | | | |
| ÅRSBUDSJETT | | | |

## 3.2 Samfunnsdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2014 – 2026 vart vedteken av Surnadal kommunestyre 20.06.2014. I planen er det 6 gjennomgåande tema som skal ligge til grunn for all kommunal planlegging. Desse temaa er: barn og unge, folkehelse, likestilling og diskriminering, samfunnssikkerheit og beredskap, universell utforming og miljø og klima

Samfunnsdelen er delt i 6 hovudtema:

1. Befolkningsutvikling og kompetanse
2. Barn og unge sine oppvekstvilkår
3. Næringsutvikling
4. Folkehelse og levekår
5. Kultur – omdømme – identitet
6. Tettstads- og arealutvikling

**Befolkningsutvikling og kompetanse**
I samfunnsdelen blir det lagt vekt på at det er viktig for kommunen å halde fram som regionsenter med eit godt tenestetilbod og attraktive arbeidsplassar. Innvandringa gir eit meir mangfaldig samfunn, og er saman med innflyttarar viktig får å sikre framtidig arbeidskraft. Målet i samfunnsplanen er :

| Mål |
|---|
| Vekst i folketalet for å oppretthalde eit godt tenestetilbod og nok, god og rett arbeidskraft og kompetanse |

**Barn og unge sine oppvekstvilkår**
Samfunnsutviklinga gjer at ein i dag på ein annan måte enn tidlegare må legge til rette for gode barnehagar og ein god skulegong. Det er viktig å sikre tilstrekkeleg hjelp og støtte i ein tidleg fase for dei som har behov for det. Målet i samfunnsplanen er:

| Mål |
|---|
| Barn og unge skal sikrast eit trygt og godt oppvekstmiljø prega av omsorg, kunnskap og trivsel. |

**Næringsutvikling**
Framover kan det bli utfordrande for så vel privat næringsliv som det offentlege å finne ønska arbeidskraft. Samspelet mellom det frivillige, kommune og næringsliv er viktig for at folk skal trivast både i arbeid og på fritid.

| Mål |
|---|
| Sørge for at etablerte næringar kan oppretthaldast minst på det nivå dei har i dag, og legge forholda til rette for at nye verksemder kan etablere seg. |

**Folkehelse og levekår**

Det vil ikkje bli mogleg å halde fram med å bygge ut helsetenestetilbodet ved berre å auke volumet av dei tenestene vi tilbyr. Velferdsteknologi og folkehelsetiltak må til for at folk kan ta meir vare på seg sjølv og både førebygge og styrke eiga helse.

| |
|---|
| Mål<br>God helse og gode levekår for innbyggarar i alle aldrar. |

**Kultur – omdømme – identitet**

For å bygge omdømme og identitet bør det utviklas teit samarbeid mellom kommunen, lag , skular, frivillige og næringslivet. Det er viktig å spele på dei rike tradisjonane vi har i kulturlivet.

| |
|---|
| Mål<br>Vi skal skape eit raust samfunn prega av mangfald, toleranse, utfordringar og utvikling for den enkelte — og for kvarandre- der kulturlivet skal vere ei drivkraft i forminga av vår identitet og vårt omdøme. |

**Tettstads- og arealutvikling**

I sentrum og i bygdene må det planleggast for gjennomgangsbustader, eldrebustader, gang- og sykkelvegar og turstiar. Det er viktig å sikre tilgang til strandline og populære friluftsområde.

| |
|---|
| Mål<br>Eit godt tilrettelagt fysisk miljø som tek vare på samfunnssikkerheita og gir god trivsel og utvikling i heile kommunen. |

## 3.3 Likestilling

Med likestilling meiner ein likeverd, like moglegheiter og like rettar. Likestilling forutsett tilgjengelegheit og tilrettelegging.

Formålet i diskrimineringslova er å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og andre vesentlege forhold ved ein person. Lova tek særleg sikte på å betre kvinner og minoritetar si stilling, og skal bidra til å byggje ned samfunnsskapte funksjonshemmande barrierer, og hindre at nye blir skapt.

Det er ei viktig rettesnor i Surnadal kommune at arbeid for likestilling er forankra i alle ledd i forvaltninga og mellom leiarar, tillitsvalde, verneombod og tilsette. Dette skal kome til uttrykk i planarbeidet i kommunen, der mellom anna universell utforming ligg i botnen.

Rådet for funksjonshemma har eit særleg ansvar for å arbeide med saker som kan ha bety noko for menneske med nedsett funksjonsevne.

Administrasjons- og arbeidsmiljøutvalet er  kommunen sitt likestillingsutval.

Surnadal kommune legg mykje arbeid i å integrere og inkludere busette flyktningar. Både kommunen og næringslivet tilbyr plassar for arbeidstreining, Vi samarbeider også med frivillige lag og organisasjonar om trivselstiltak og felles møteplassar.

### 3.4 HMS – arbeid

I desember 2018 vedtok Administrasjons- og arbeidsmiljøutvalet (AAU) nye satsingsområde for HMS i Surnadal kommune, og som gjeld både for AAU og for einingane. Nye satsingsområde for 2019 og 2020 var at AAU skal i 2019 og 2020 ta initiativ til at fokus blir retta på dei nye HMS-rutinane i Surnadal kommune. Dei enkelte einingane skal ha fokus i 2019 og 2020 på orientering til dei tilsette om dei nye HMS-rutinane som ble vedtekne sommaren 2018, slik at rutinane blir teke i bruk på ein god måte.

Dette må følgast opp vidare også i 2020, både gjennom orientering på arbeidsplassane og gjennom ytterlegare fokus og opplæring i det elektroniske kvalitetssystemet vårt.

## 3.5 Folketalsutviklinga i kommunen

| Aldersgruppe pr.01.01 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2025 | 2030 | 2040 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 år | 64 | 50 | 47 | 52 | 52 | 53 | 55 | 55 | 53 |
| 1-5 | 284 | 297 | 292 | 299 | 299 | 299 | 299 | 311 | 300 |
| 6-12 år | 457 | 453 | 454 | 453 | 446 | 448 | 455 | 457 | 486 |
| 13-15 år | 211 | 196 | 190 | 205 | 202 | 214 | 202 | 207 | 214 |
| 16-19 år | 344 | 356 | 339 | 297 | 276 | 248 | 265 | 267 | 272 |
| 20-66 år | 3481 | 3461 | 3410 | 3433 | 3437 | 3424 | 3366 | 3319 | 3214 |
| 67-79 år | 845 | 863 | 884 | 884 | 913 | 927 | 956 | 963 | 1057 |
| 80-89 år | 235 | 241 | 251 | 290 | 297 | 315 | 363 | 462 | 540 |
| 90+ år | 65 | 61 | 61 | 60 | 60 | 63 | 69 | 95 | 161 |
| Totalt | 5986 | 5978 | 5928 | 5973 | 5982 | 5991 | 6030 | 6136 | 6297 |

*Kjelde: Regionalstatistikken, SSB*

Prognosane viser stabile fødselstal i neste fireårsperiode. Gruppa 1-5 år ligg stabilt på rundt 300 personar. Gruppa 13-15 er også nokså stabil på rundt 200 personar. For gruppa 16-19 år blir det markert færre frå 2019, noko som har sin bakgrunn i at fødselstala vart merkbart redusert frå 2002 og framover. Vi ser også av tabellen at gruppa mellom 67-79 år er veksande, og at det også slår ut for aldersgruppa over 80 år.

## 3.6 Sentrale inntekter

### 3.6.1 Eigedomsskatt

Det er for perioden 2020 til 2023 lagt inn kr 29 000 000,- i inntekt. Dette inneheld eigedomsskatt på kraftverk og næringseigedomar, og auke i inntekt frå bustader og fritidshus. Den generelle satsen er 7 promille for alle eigedommar, og ein redusert sats for bustad- og fritidseigedomar. Det er no ny alminnelig taksering av alle eigedomar. For bustadhus er det bestemt at formueverdiane frå skatteetaten skal leggast til grunn for takseringa. Takseringsarbeidet av dei andre eigedomane er i full gang, men det er framleis usikkert kva som blir skattegrunnlaget som promillen skal reknast av.

Kommunedirektøren legg opp til ei samla auke i eigedomsskatteinntektene på kr 6,7 mill. frå 2019 til 2020. Heile beløpet blir disponert i budsjettåret.

### 3.6.2 Konsesjonskraft

Det er lagt inn kr 7 800 000,- i konsesjonskraftinntekter for perioden. Dette er i tråd med prognosen frå Svorka, og heile beløpet er lagt inn i drifta.

### 3.6.3 Skatteinntekter og inntektsutjamning

Surnadal kommune kan forvente eit skattenivå på 80,3% av landsgjennomsnittet. For 2020 blir det forventa ein auke på 2,4% i inntektsutjamninga.

| SURNADAL | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Inngang!A1 | | | | | | |
| **SURNADAL** | | | | | | |
| (år 2020-prisnivå i perioden 2021-2023) | | PROGNOSE | | | | |
| **Inngangsdata** | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| Skatteprognose - kr pr innb. på landsbasis | **30 693** | **31 671** | **32 126** | **32 126** | **32 126** | **32 126** |
| Skatteprognose for kommunen - 1000 kr | **157 123** | **150 858** | **153 137** | **153 137** | **153 137** | **153 137** |
| Skatteprognose for kommunen - kr pr innbygger | 26 284 | 25 448 | 25 794 | 25 794 | 25 794 | 25 794 |
| Prognose av skatt per innbygger som andel av landsgjennomsnitt | 85,6 % | 80,4 % | 80,3 % | 80,3 % | 80,3 % | 80,3 % |
| **Prognose inntektsutjevning tilskudd** | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| Kompensasjonsgrad i % | 60 % | 60 % | 60 % | 60 % | 60 % | 60 % |
| Tilleggskompensasjon i % | 35 % | 35 % | 35 % | 35 % | 35 % | 35 % |
| Tilleggskompensasjonsgrense | 90 % | 90 % | 90 % | 90 % | 90 % | 90 % |
| *Symetrisk inntektsutjevning - kr pr innb:* | 2 645 | 3 734 | 3 799 | 3 799 | 3 799 | 3 799 |
| *(gir 60% trekk eller tillegg mellom egen skattenivå og landsgjennomsnittet pr innb )* | | | | | | |
| *Kompensasjon knyttet til lavt skattenivå - kr pr innb* | 469 | 1 069 | 1 092 | 1 092 | 1 092 | 1 092 |
| *(gir 35% kompensasjon mellom eget nivå og 90% av landsgjennomsnittet pr innb)* | | | | | | |
| **Finansiering av inntektsutjevning pr innb.** | -360 | -393 | -382 | -382 | -382 | -382 |
| **Netto inntektsutjevning pr innb.** | 2755 | 4410 | 4510 | 4510 | 4510 | 4510 |
| **Inntektsutjevnede (netto) tilskudd i 1000 kr** | **16 468** | **26 145** | **26 773** | **26 773** | **26 773** | **26 773** |
| *(trekk hvis negativt beløp)* | | | | | | |
| Endringer i % | | 58,8 % | 2,4 % | 0,0 % | 0,0 % | 0,0 % |

### 3.6.4 Rammetilskot og utgiftsutjamning

Utgiftsutjamninga fordelar rammetilskotet kommunane i mellom.

Kommunane og fylkeskommunane får kompensasjon for klart definerte ufrivillige kostnadsforskjellar gjennom utgiftsutjamninga. Størsteparten av rammetilskotet blir i utgangspunktet delt med eit likt beløp per innbyggjar, kalla innbyggjartilskotet. Utgiftsutjamninga skjer ved hjelp av ein kostnadsnøkkel, som sørger for at ein del av rammetilskotet blir fordelt om frå kommunar som er rimeligare å drive enn landsgjennomsnittet, til kommunar som er dyrare å drive enn landsgjennomsnittet.

Kostnadsnøkkelen består av ei rekke objektive kriterier, som forklarar kvifor det er forskjell i kommunane sine behov for utgifter til velferdstenester. Eksempel på slike kriterier er blant anna tal på barn i skolepliktig alder, tal på eldre og busetjingsmønster og reiseavstandar i kommunen.

Tabellen nedanfor viser at Surnadal har eit utgiftsbehov eller ein kostnadsindeks på 1,04996. Det vil seie at kommunen er 5 % dyrare å drifte enn landsgjennomsnittet. Dette blir kompensert gjennom rammetilskotet.

# SURNADAL
## kommune

Beregning av utgiftsbehov - tillegg/trekk i kroner for år **2020**
(utgiftsutjevnede tilskudd) prisnivå år 2020

| | HELE LANDET | | SURNADAL | | | Bruk av folketall 1.7.2019 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Vekt | Antall | Antall | Utgifts-behovs-indeks | Pst. utslag | Tillegg/ fradrag i utgiftsutj kr per innb | 1000 kr |
| 0-1 år | 0,0056 | 111 725 | 94 | 0,7591 | -0,13 % | -74 | -438 |
| 2-5 år | 0,1374 | 241 699 | 257 | 0,9594 | -0,56 % | -306 | -1 815 |
| 6-15 år | 0,2615 | 642 002 | 628 | 0,8826 | -3,07 % | -1 684 | -9 979 |
| 16-22 år | 0,0233 | 456 651 | 551 | 1,0886 | 0,21 % | 113 | 671 |
| 23-66 år | 0,1053 | 3 076 256 | 3 188 | 0,9350 | -0,68 % | -375 | -2 224 |
| 67-79 år | 0,0565 | 588 564 | 885 | 1,3567 | 2,02 % | 1 105 | 6 547 |
| 80-89 år | 0,0772 | 183 672 | 262 | 1,2870 | 2,22 % | 1 215 | 7 199 |
| over 90 år | 0,0389 | 45 166 | 60 | 1,1986 | 0,77 % | 424 | 2 510 |
| Basistillegg | 0,0161 | 275 | 0,7349 | 2,4147 | 2,28 % | 1 249 | 7 400 |
| Sone | 0,0102 | 20 594 754 | 46 609 | 2,0419 | 1,06 % | 583 | 3 453 |
| Nabo | 0,0102 | 9 462 950 | 16 075 | 1,5327 | 0,54 % | 298 | 1 765 |
| Landbrukskriterium | 0,0021 | 1 | 0,0037 | 3,3176 | 0,49 % | 267 | 1 581 |
| Innvandrere 6-15 år ekskl Skand | 0,0070 | 51 420 | 38 | 0,6668 | -0,23 % | -128 | -758 |
| Flyktninger uten integreringstils | 0,0084 | 152 561 | 23 | 0,1360 | -0,73 % | -398 | -2 358 |
| Dødlighet | 0,0458 | 40 228 | 49 | 1,0990 | 0,45 % | 249 | 1 473 |
| Barn 0-15 med enslige forsørger | 0,0177 | 116 670 | 115 | 0,8893 | -0,20 % | -107 | -637 |
| Lavinntekt | 0,0111 | 276 501 | 113 | 0,3687 | -0,70 % | -384 | -2 277 |
| Uføre 18-49 år | 0,0065 | 107 852 | 126 | 1,0541 | 0,04 % | 19 | 114 |
| Opphopningsindeks | 0,0096 | 174 | 0,0323 | 0,1680 | -0,80 % | -438 | -2 595 |
| Aleneboende 30 - 66 år | 0,0195 | 475 871 | 447 | 0,8475 | -0,30 % | -163 | -966 |
| PU over 16 år | 0,0491 | 19 431 | 32 | 1,4858 | 2,39 % | 1 308 | 7 751 |
| Ikke-gifte 67 år og over | 0,0458 | 358 209 | 493 | 1,2417 | 1,11 % | 607 | 3 597 |
| Barn 1 år uten kontantstøtte | 0,0168 | 39 544 | 29 | 0,6712 | -0,55 % | -303 | -1 795 |
| Innbyggere med høyere utdann | 0,0184 | 1 392 556 | 1 030 | 0,6673 | -0,61 % | -336 | -1 989 |
| ***1 Kostnadsindeks*** | 1,0000 | | | ***1,04996*** | ***5,00 %*** | 2 740 | 16 232 |

**(Tillegg/trekk kr pr innb.)**

| | Alle tall i 1000 kr |
|---|---|
| 2 Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr | **16 232** |
| 3 Nto.virkn. statl/priv. skoler | 2 853 |
| **4 Sum utgiftsutj. mm (2+3)** | **19 085** |
| Gjennomsnittlig beregnet utgiftsbehov i kr pr innbygger: | 54 839 |

## 3.6.5 Frie inntekter (skatt og rammetilskot)

| **SURNADAL** **1566** | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| *(år 2020-prisnivå i perioden 2021-2023)* | | | | PROGNOSE | | |
| **1000 kr** | **2018** | **2019** | **2020** | **2021** | **2022** | **2023** |
| Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb) | 141 644 | 147 492 | 148 620 | 148 389 | 148 325 | 148 260 |
| Utgiftsutjevningen | 13 263 | 14 473 | 19 085 | 19 074 | 19 071 | 19 067 |
| Overgangsordning - INGAR | 6 575 | 3 427 | -319 | -267 | -237 | -207 |
| Saker særskilt ford (inkl. helsestajon skolehelse og arbavg) | 811 | 938 | 2 405 | 2 053 | 2 127 | 2 202 |
| Overgangsordning - kommuner som skal slås sammen | - | - | | | | |
| Korreksjon forsøksordninger barnevern og omsorgstjenester | - | - | - | - | - | - |
| Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker | - | - | - | - | - | - |
| Nord-Norge-tilskudd/Namdalstilskudd | - | - | - | - | - | - |
| Storbytilskudd | - | - | - | - | - | - |
| Småkommunetillegg | - | - | - | - | - | - |
| Sør-Norge tilskudd (kommuner med over 3 200 innb | 7 708 | 7 912 | 8 102 | 8 112 | 8 112 | 8 112 |
| Regionsentertilskudd | - | - | - | - | - | - |
| Veksttilskudd | - | - | - | - | - | - |
| Ordinært skjønn | 1 170 | 2 080 | 1 980 | 1 980 | 1 980 | 1 980 |
| Skjønn fra KRD - komp. bortfall veksttilskudd kommunesammenslåing | | | - | - | | |
| Ekstra skjønn KMD inkl. ufrivillig alene kommuner, infrastruktur, retaksering prod.utsyr mv, bortfall eiendomsskatt produksjonsutstyr | 1 299 | 541 | | | | |
| Budsjettvedtak Stortinget - saldering budsjett 2019 | | -231 | | | | |
| RNB 2019 - endringer i rammetilskudd | | 68 | | | | |
| Stortinget saldering budsjett 2018 | 16 | | | | | |
| RNB 2018 og Nysaldering 2018 | 79 | | | | | |
| **Sum rammetilsk uten inntektsutj** | **172 565** | **176 701** | **179 873** | **179 340** | **179 378** | **179 414** |
| Netto inntektsutjevning | 16 468 | 26 145 | 26 773 | 26 773 | 26 773 | 26 773 |
| **Sum rammetilskudd** | **189 033** | **202 846** | **206 646** | **206 113** | **206 151** | **206 187** |
| Rammetilskudd - endring i % | | 7,3 | 1,9 | -0,3 | 0,0 | 0,0 |
| **Skatt på formue og inntekt** | **157 123** | **150 858** | **153 137** | **153 137** | **153 137** | **153 137** |
| Skatteinntekter - endring i % | | -3,99 | 1,51 | - | - | - |
| Andre skatteinntekter (eiendomsskatt) | - | - | - | - | - | - |
| **Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)** | **346 156** | **353 700** | **359 800** | **359 300** | **359 300** | **359 300** |
| | | (avrundet totalsum ut fra at skatt kun er et anslag) | | | | |
| Sum - endring i % | | 2,2 | 1,7 | -0,1 | - | - |
| ***Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen*** | **1 000** | - | | | | |
| (ufordelt skjønn fra Grønt Hefte - fordelt i løpet av året) | | | | | | |
| *Sum skatt og netto inntektsutjevning* | *173 591* | *177 003* | *179 910* | *179 910* | *179 910* | *179 910* |
| *Sum - endring i %* | | *2,0* | *1,6* | - | - | - |
| *Rammetilsk kr pr innb. (inkl. inntektsutjevning)* | *31 664* | *33 983* | *34 877* | *34 787* | *34 793* | *34 800* |
| *Skatteinntekter kr pr innb.* | *26 319* | *25 274* | *25 846* | *25 846* | *25 846* | *25 846* |
| *Kostnadsindeks (utgiftsutjevningen)* | *1,0370* | *1,0383* | *1,0500* | *1,0500* | *1,0500* | *1,0500* |

Sum skatt og rammetilskot for 2020 er kr 359,8 mill., ein auke på 6,1 mill. frå 2019 til 2020.

Inkludert i skatt og rammetilskudd er inntekt frå naturressursskatten.

### 3.6.6 Lånegjeld, rente og avdragsutvikling

Tabellen under viser kommunen sitt behov for låneopptak i perioden. Kommunen hadde kr 446 327 010,- i lånegjeld ved utgangen av 2018. Av dette var kr 29 299 408 knytt til formidlingslån og kr 417 027 602 knytt til eigne investeringar. Ved utgangen av 2023 vil økonomiplanen gi kommunen ei samla lånegjeld på om lag 660 mill. kr i lån til eigne investeringar.

| | Grupper | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| | Total | 541 266 604,32 NOK | 626 416 728,63 NOK | 658 983 520,27 NOK | 660 321 146,91 NOK |
| Simulering | Ja | 130 483 333,32 NOK | 233 266 666,63 NOK | 283 633 333,27 NOK | 302 937 499,91 NOK |
| Restsaldo | Nye lån | 130 483 333,32 NOK | 233 266 666,63 NOK | 283 633 333,27 NOK | 302 937 499,91 NOK |
| | Surnadal B2019 | 19 333 333,32 NOK | 18 666 666,64 NOK | 17 999 999,96 NOK | 17 333 333,28 NOK |
| | Surnadal ØP2020 | 111 150 000,00 NOK | 107 350 000,00 NOK | 103 550 000,00 NOK | 99 750 000,00 NOK |
| | Surnadal ØP2021 | 0,00 NOK | 107 249 999,99 NOK | 103 583 333,31 NOK | 99 916 666,63 NOK |
| | Surnadal ØP2022 | 0,00 NOK | 0,00 NOK | 58 500 000,00 NOK | 56 500 000,00 NOK |
| | Surnadal ØP2023 | 0,00 NOK | 0,00 NOK | 0,00 NOK | 29 437 500,00 NOK |
| Simulering | Nei | 410 783 271,00 NOK | 393 150 062,00 NOK | 375 350 187,00 NOK | 357 383 647,00 NOK |
| Restsaldo | Eksisterende lån | 410 783 271,00 NOK | 393 150 062,00 NOK | 375 350 187,00 NOK | 357 383 647,00 NOK |

Tala for lånegjeldsutvikling vil naturleg nok vere avhengige av kva investeringar vi vedtek i perioden, og kor mykje årleg avdrag vi legg opp til.

### 3.6.7 Renter og avdrag eigne anleggsmidlar.

Det er i perioden lagt til grunn ei gjennomsnittleg rente på 2,4% p.a. på lånegjelda vår. Deler av lånegjelda kan refinansierast ved overgang til sertifikatlån, som kan gi lågare rentekostnad. I tillegg har vi fastrenteavtalar på 35 mill. av lånegjelda. Avdrag blir budsjettert i tråd med minste lovlege avdrag etter forskrifta.

### 3.6.8 Kommunal deflator

Den kommunale deflatoren for 2020 er sett til 3,1. Vektinga av deflatoren er at lønnsveksten har ein del på 2/3, mens varekjøp og bruttoinvesteringar har ein del på 1/6 kvar av den kommunale deflatoren.

### 3.6.9 Fond

Kommunen sine samla fondsmidlar pr. 31.12.18 utgjorde kr 49 165 506. Dette inkluderte kr 24 786 294 i rentefondet.

Fondsmidlane fordeler seg slik på dei ulike fondstypane:

| **Fond** | **Rekneskap 31.12.18** | **Rekneskap 31.12.17** |
|---|---|---|
| Bundne driftsfond | 21 272 726 | 18 367 933 |
| Bundne investeringsfond | 2 832 962 | 196 259 |
| Ubundne investeringsfond | 262 000 | 0 |
| Disposisjonsfond | 24 787 818 | 36 380 314 |
| **Sum fond** | **49 165 506** | **59 444 506** |

Det er pr dato budsjettert med netto bruk av disposisjonsfond på kr 8,244 mill. i 2019.

## 3.7 Utvikling i einingane sine rammer

| (alle tall i 1000 kr) | Opprinneleg budsjett 2016 | Regulert budsjett 2016 | Opprinneleg budsjett 2017 | Regulert budsjett 2017 | Opprinneleg budsjett 2018 | Regulert budsjett 2018 | Opprinneleg budsjett 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| SENTRALADM. | 25 323 | 25 073 | 25 751 | 26 298 | 26 249 | 27 074 | 26 300 |
| KULTUR | 6 425 | 6 425 | 6 026 | 6 188 | 6 033 | 6 334 | 7 875 |
| POLITISK VERKSEMD | 4 258 | 4 258 | 4 231 | 4 300 | 3 951 | 3 505 | 3 500 |
| MIDTIGRENDA BARNEHAGE | 7 109 | 6 759 | 6 516 | 7 409 | 7 852 | 8 233 | 8 100 |
| ØYE OG SKEI BARNEHAGE | 11 011 | 11 011 | 11 003 | 11 335 | 11 407 | 11 871 | 11 800 |
| BØFJORD OG BÆVERFJORD OS | 6 803 | 6 803 | 6 811 | 6 984 | 7 184 | 8 783 | 8 800 |
| MO OPPVEKSTSENTER | 6 553 | 6 553 | 6 574 | 6 751 | 7 437 | 8 193 | 7 700 |
| TODALEN OG STANGVIK OS | 15 106 | 15 936 | 15 979 | 16 393 | 16 379 | 17 138 | 17 000 |
| ØYE SKULE | 27 552 | 28 102 | 27 846 | 28 528 | 27 678 | 27 965 | 27 500 |
| SURNADAL UNGDOMSSKULE | 23 147 | 23 147 | 23 035 | 23 550 | 22 950 | 23 387 | 24 000 |
| VAKSENOPPLÆRING OG INTEGRERING | 9 428 | 15 318 | 15 323 | 15 679 | 15 279 | 15 600 | 12 594 |
| HELSE OG FAMILIE | 19 797 | 19 897 | 21 128 | 21 096 | 21 551 | 21 806 | 21 800 |
| SJUKEHEIMEN | 51 491 | 51 491 | 50 597 | 51 655 | 49 782 | 52 047 | 49 900 |
| BU OG AKTIVITETSTENESTE | 39 202 | 39 202 | 40 234 | 41 660 | 42 874 | 49 603 | 47 700 |
| HEIMETENESTA OG REHABILITERING | 32 732 | 32 732 | 32 549 | 33 218 | 33 184 | 33 489 | 33 839 |
| NAV | 5 784 | 5 784 | 5 237 | 5 783 | 5 928 | 8 121 | 7 000 |
| KOMMUNALTEKNIKK | 13 538 | 13 538 | 9 439 | 10 706 | 9 335 | 12 144 | 12 500 |
| KOMMUNALTEKNIKK – VAR | -2 496 | -2 496 | -2 471 | -2 471 | -2 471 | -2 471 | -2 471 |
| AREAL OG NATURFORVALT. | 6 302 | 6 302 | 6 070 | 6 215 | 6 115 | 6 146 | 5 900 |
| EIGEDOM | 29 321 | 29 671 | 18 176 | 19 867 | 18 136 | 19 089 | 17 800 |
| SENTRALE INNT./UTGIFTER | -354 186 | -361 306 | -347 773 | -361 463 | -357 966 | -380 540 | -370 517 |
| SAL KONSESJONSKRAFT | -6 800 | -6 800 | -6 800 | -4 200 | -4 500 | -4 500 | -4 600 |
| TILSKOT | 8 919 | 8 919 | 9 742 | 9 742 | 10 256 | 10 256 | 9 847 |
| FORDELING PENSJON | -7 059 | -7 059 | -5 693 | -5 693 | -5 693 | -5 693 | -5 693 |
| DAGLEG LEIAR PPT | 2 624 | 2 624 | 2 624 | 2 624 | 2 624 | 2 624 | 3 024 |
| REKTOR KULTURSKULEN | 2 953 | 2 953 | 2 953 | 2 953 | 2 940 | 2 940 | 3 170 |
| KYRKJELEG FELLESRÅD | 5 782 | 5 782 | 5 732 | 5 732 | 5 732 | 5 732 | 5 632 |
| IK BARNEVERN | 9 220 | 9 236 | 9 161 | 9 161 | 9 161 | 10 511 | 10 000 |

# 4 Sentraladministrasjonen

## 4.1 Sentraladministrasjon – ansvar 100

**Status og utfordringar**
Stabsfunksjonane til Kommunedirektøren er organisert som eiga eining, der ein forutan leiargruppa har økonomiavdeling, personavdeling, næring og utvikling, plan, arkiv, servicetorg/ekspedisjon, informasjon, IKT, politisk sekretariat og barnehagekonsulent. Ein stor del av oppgåvene vil vere interne overfor dei tjenesteytande einingane, men også ein god del utadretta oppgåver t.d. i kontakt med næringsliv og innbyggarar elles.

**Utfordringar**
- Gjennomføre kostnadsreduksjonar i drifta.
- Rekruttere og halde på kompetent personale.

**Dette vil vi oppnå i 2020:**
- Etablere og utvikle vidare nye interkommunale samarbeidsmodellar.
- Gjennomføre nødvendige reduksjonar i drifta.
- Gjennomføre politiske vedtak som følger av budsjettreduksjonane.
- Fortsette arbeidet med digitaliseringsprosjekt i alle deler av organisasjonen.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023:**
- Tilpasse tenesteproduksjonen etter dei økonomiske rammene.
- Tilpasse nye strukturelle endringar som følger av politiske vedtak.

**Rådmannen si vurdering**
Det blir viktig å samarbeide godt med einingane for å tilpasse tenesteproduksjonen til redusert driftsnivå. Det blir viktig å gjennomføre gode arbeidsprosessar, slik at organisasjonen på best muleg måte tek vare på sine tilsette. Trepartssamarbeidet vil vere viktig for å lukkast i dette arbeidet.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019 Netto | Budsjett 2020 Netto | Øk.plan 2021 Netto | Øk.plan 2022 Netto | Øk.plan 2023 Netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sentraladm | 28 844 | 26 300 | 26 084 | 26 084 | 25 784 | 25 784 |

## 4.2 Personal og stab

**Status:**
- Nytt sak/arkiv system,(Public 360) er innført og tatt i bruk 3.juni 2019. Surnadal kommune var pilotkommune, og i tillegg til mykje intern opplæring av eigne saksbehandlarar, har arkivar og møtesekretær også vore ressurspersonar etter kvart som dei andre kommunane i samarbeidet har tatt det i bruk.
- I 2019 har det vore kommuneval, og alle medarbeidarane i Personal og Stab har bidratt i samband med den praktiske gjennomføring av valet, i perioden frå mars 2019 til september 2019. Nokon har brukt mykje tid på dette, mens andre har vore mest involvert i samband med perioden med tidlegstemming og forhåndsstemming.

- Arbeidet med revidering av Personalplana er sluttført. Ny Personalplan vart vedtatt i kommunestyret 20.06.19, og gjeld frå 01.07.19.
- I oktober 2019 vart det gjennomført felles opplæring og gjennomgang av ny IA-avtale, der hovudverneombod, hovudtillitsvalde, einingsleiargruppa og leiargruppa deltok. NAV Arbeidslivssenter og NAV lokalt bistod oss på denne viktige samlinga.

**Utfordringar**

- Nye prosjekt blir igangsett og nye system blir innført som krev stor arbeidsinnsats og mykje tid før det fungerer og kan takast i bruk. Samtidig med dette skal løpande og daglege arbeidsoppgåver også utførast. Dette er utfordrande for dei arbeidstakarane som er involvert i slike prosessar.

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- Halde oss oppdatert på lov- og avtaleverk innafor våre aktuelle fagområde.
- Utarbeide informasjonsrutiner før utsending av kommunale avgifter.
- Innføre «Kva skjer» på heimesida for å synleggjere kommunale tenester og hendingar som er aktuelle for brukarane.
- Lage forutsigbare og enkle rutinar for å gjere avtale med saksbehandlarar.
- Klårare rutinar fot forfallsmeldingar til møter og innkalling av vararepresentantar
- Fristane for innlevering av saker frå saksbehandlarar før møteutsending må følgast.
- Sette opp fleire digitale skjema for innbyggjarane, t.d. sensitive skjema og skjema som treng signatur.
- Automatisere arkivrutinar, t.d. når det gjeld kontroll av postliste og utsending av denne.
- Forenkling og digitalisering av prosessar som gjeld intern saksbehandling, t.d. permisjonar og melding om engasjering av ekstrahjelper.
- Arbeide for betre integrasjon mellom ulike digitale fagsystem så langt det er mogleg, då dette er ein føresetnad for å oppnå effektiviseringsgevinst ved innføring av nye digitale system.
- Fortsette å styrke arbeidsgjevarfunksjonen gjennom kontinuerleg oppfølging og opplæring av leiarar.
- Digitalisering av heile tilsettingsprosessen , herunder elektronisk signering av arbeidsavtalar
- Digital opplæring av tilsette og leiarar i aktuelle tema, t.d. gjennom KS Læring og VISMA e-læring.
- Felles opplæring av tillitsvalde, verneombod og leiarar i aktuelle tema som gjeld forholdet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar, som t.d. Hovudtariffavtalen og Hovudavtalen, ny Personalplan og nye HMS-rutinar.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Rydding i eldre arkiver.
- Innføre rutiner for brukarinvolvering for utforming av gode innbyggjarløysingar, til dømes besøksvert, heimeside og skjema.
- Fortsette med digital opplæring av tilsette og leiarar i aktuelle tema, t.d. gjennom KS Læring og VISMA e-læring.
- Halde oss oppdatert på lov- og avtaleverk innafor våre aktuelle fagområde.

## 4.3 Næring og utvikling

### Status

Næring og utvikling består av eit team som skal jobbe for samfunns- og næringsutvikling for heile kommunen og i samarbeid med Sunndal og resten av Nordmøre. Våre oppgåver i tillegg til samfunns- og næringsutvikling er å forvalte næringsfondet og være HoppId kontakt. Utviklingsteamet skal sette i gang prosessar som skapar utvikling i kommunen. Kommunalsjefen er framleis uteleigd til Surnadal Hamneterminal AS som no er i driftsfase. Vi fyller alle ulike verv og posisjonar, men hovudoppgåva vår er å skaffe eksterne midlar til dei tiltak vi vil gjennomføre. Dette gjer vi både i eigen regi og i samarbeid med andre, slik som næringssamarbeidet med Sunndal.

### Utfordringar

Utfordringa vår er at vi er få og arbeidsoppgåvene mange. Vi har likevel evna å levere mange gode tenester og oppnådd dei mål vi har satt oss.

- Vi forsett å leie ut kommunalsjefen til Surnadal Hamneterminal AS i ei 10% stilling.
- Næringskonsulenten er utleid i sekretærfunksjon i Surnadal Alpinsenter og Surnadal Alpineiendom.
- Vi driftar næringsutviklingsprogram for SuSu saman med SUNS AS
- Vi har Hoppid.no-kontor
- Vi har nestleder i styret i Visit Nordmøre og Romsdal
- Vi har stadig aukande pågang på næringsfondet og landbruksfondet og bedriftsrådgiving i den samanheng
- Vi administrerer og er saksbehandlar for Ungdomsrådet
- Vi har som oppgåve å profilere og selje industri- og næringsareal.

**Dette vi vi oppnå i 2020**

- Surnadal Hamneterminal AS og Surnadal Havnelager AS er no fusjonert. Vi arbeider får å legge til rette for ei god drift og vedlikehald.
- Fortsette med å få til eit godt system for oppfølging av verksemder som har fått støtte frå næringsfondet og jamnlege bedriftsbesøk
- Få fleire og betre etableringar med god og stabil drift
- Fortsette programmet Næringsvenlig kommune med forprosjekt og søke Innovasjon Norge om midlar.

- Følgje opp det gode samarbeidet med Innveno, med sine tre bedriftsnettverk.
- Få fleire investorar/kjøparar i opparbeidd areal i Røtet
- Lage gode møteplasser for ungdommen frå fleire kommunar
- Utvikle gode tiltak for SMB-bedrifter i samarbeid med Sunndal
- Bidra til at Surnadalsøra kan utvikle seg til ein myldreplass for handverkarar og kunstnarar.
- Finne nye samarbeidsformer i Hoppid.no programmet.

### Dette vil vi oppnå i 2021-2023

- Bidra til å auke talet på tilsette i næringslivet med 60 stillingar, 100 nye etableringar og styrke eksisterande næringsliv
- Styrke Surnadal kommune sitt omdømme som ein god plass å bu
- Bidra til å få utbygd Svartvatnet friluftspark
- Bidra til å få bygd aktivitetspark i Sæterlia for heilårsdrift
- Arbeide med å få tak i fleire eksterne midlar til nærings- og samfunnsutvikling i kommunen
- Bidra til at kommunen blir enda betre til å imøtekomme næringa sine tenestebehov.
- Bidra til at sentrum blir meir publikumsvennleg og attraktivt

## 4.4 Digitalisering og ikt

### Status

- Det skjer veldig mykje på digitaliseringsfronten både lokalt i Surnadal kommune, men og via IKT Orkide og nasjonalt.
- 2019 var eit år prega av store innføringsprosjekt med blant anna nytt sak-/arkivsystem og Office 365 til alle brukarar.
- Vi er i full gang med prosjektet «Moderne arbeidsflate og flåtestyring»
- Jobber for fullt med å få sanert lokalt datarom, og da flytte informasjon, filer og fagsystem derfra til leverandør eller sky.

### Utfordringar

- Mange nye løsysingar medfører mykje endringar og opplæring.
- Med så mykje nytt krev det mykje ressursar i forhold til endringsleiing
  - Brukarinvolvering, forankring
- Skyløftet gir utfordringar med å finne gode løysningar med tanke på GDPR og då sikker lagring av personinformasjon

### Dette vil vi oppnå i 2020

- Fullføre flytting av fagsystem til skya
- Sette standard på Windows 10 på alle pc'er
  - Dette betyr utskifting og oppgradering av pc-park
- Effektivisere pc-drift ved å ta i bruk Intune (flåtestyring av pc) på samtlege skular
- Standardisere oppsett av nettverk på alle lokasjoner i Surnadal kommune
  - Åpnet nett levert av internettleverandør (Svorka)

- Ta i bruk Microsoft sin norske sky-teneste og da kunne tilby sikker lagring i skya
- Bli mykje dyktigare på å definere gevinstar i prosjekta våre

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Effektivisere pc-drift ved å ta i bruk Intune (flåtestyring av pc) på samtlege pc'ar
- Effektivisere nettverksdrift
- Legge til rette for tilgang til samtlege fagsystem i skya

# 5 Kultur – ansvar 130

**Status og utfordringar**

Kultur for kultur!
Kultur for kulturen sin eigenverdi!
Kultur for bulyst, kultur som identitetsskapar, kultur som samfunnsbyggar, kultur for inkludering, kultur for læring.
Kultureininga er eit lite ansvarsområde innanfor kommunen, men kulturen er eit av dei største områda i kommunen.

- Vi har dei siste åra auka aktivitet på kulturhus og kino på dagtid. Kinobesøket endrar seg frå år til år alt ettersom kor gode/populære filmar som blir laga. Biblioteket har godt besøk og «Meir Ope» bibliotek fungerer godt.
- Bygdebokprosjektet er eit stort prosjekt der vi har to stillingar og 1,1 årsverk og ein enorm frivillig innsats! Det sit folk og leitar i kilder dagstøtt, dei redigerer bilde og les kyrkjebøker og korrektur, for at bøkene skal bli så bra som muleg. Utan den frivillige innsatsen så hadde det ikkje vore muleg å få ut bøkene. Vi ser no at arbeidspresset blir for stort med det årsverket vi har og vi greier ikkje gje ut ei bok i året om vi skal halde kvaliteten oppe.
- Vi er i gang med å bygge/rekonstruere ein veg av tømmerstokkar som ligg i myra på Eidet, dette prosjektet Kavlvegen kultursti har fått store tilskotsummar frå Riksantikvaren og Møre og Romsdal fylke til denne bygginga. Vidare blir det spelemiddelsøknad for å få på plass sti inn til området, i første omgang frå Åsen bygdemuseum og Angråmyra.
- Vi har hatt fleire besøk frå England og BBC i samband med Spitfirevraket som vart henta ut frå Nordmarka i 2018, det er til no laga ein tv- og radiodokumentar og skrive ei bok om flystyrten i 1942.
- Kafédrifta ved Svinviks arboret vart i 2019 overført til Stiftinga Nordmøre museum, dette er ei ordning vi håper vi kan fortsette med. Museet er godt besøkt og dei deltek i ein del forsking som i museumsverda er positivt
- Frivilligsentral og fritidsklubb: vi er i full gang med å renovere bygget. Frivilligsentralen får i 2020 kr. 427 000 i øyremerka midlar til drift! Vi håper å vere innflytta og i gang med tiltak når det nye året starter.
- Kulturplan og Plan for idrett og friluftsliv er ferdig (når det gjeld førre planperiode (2015-2019), kulturminneplan må ferdigstillast i 2020!

- Alle innbyggarane blir påverka av kultur på ein eller annan måte i kvardagen sin. Surnadal er den kommunen med flest medlemmar i idrettslag i Møre og Romsdal. Totalt så har vi rundt 140 registrete lag og organisasjonar. Organisasjonar med medlemmar som; overleverer kulturarv til barn og unge, som steiker bakels, køyrer land og strand rundt, ryddar stiar, leitar etter bortkomne, samlar og dokumenterer historia vår. Dei målar, fotograferer, spikkar, fisker, jakter, går på ski, køyrer opp skispor, sitt i styre. Denne lista kan fyllast på i det uendelege. Alle desse aktive folka har glede av sine aktivitetar, men vi ser at det er utfordring å fylle styreverva. Det er stadig nye krav som blir lagt på dei frivillige organisasjonane; Brønnøysundregisteret, rapportering for bruk av tilskot, digitale skjema og meir til. Vi meiner at det er ei av årsakene til at det er færre som ønskjer å ta ansvar i styrer.
  Her ligg moglegheitene og utfordringane til kultureininga. Vi må legge til rette for at Surnadal kan fortsette å ha eit aktivt kultur-, idretts- og friluftsliv også i framtida!

## Dette vil vi oppnå i 2020

- Ein aktiv frivilligsentral og fritidsklubb.
- Gi ut den fjerde bygdeboka.
- Arbeide vidare med Kavlvegprosjektet i samarbeid med Nordmøre museum.
- Planarbeid; kulturminneplan.
- Auke aktiviteten i Kallastua.
- Fleire aktivitetar i biblioteket både for barn og unge og for vaksne.
- Aktivt arbeid med god læring i ungdomsrådet, gi ungdommane mulegheit til å styrke eigenaktivitet, jobbe med identitetstilhøyr, få meir medverknad og innflytelse.

## Dette vil vi oppnå i 2021-2023

- Vidareutvikle bygdeboknettstaden.
- Meir samarbeid med vaksenopplæring, frivillige lag og organisasjonar og biblioteket.
- Surnadalsøra som kulturell myldreplass.
- Arrangere barne/ungdomsmusikal..
- Utvikle ein App, med fokus på alt friluftsliv i Surnadal.

## Økonomiske rammer

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021-netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023-netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kultur | 7 505 | 7 875 | 7 560 | 7 560 | 7 560 | 7 560 |

**Kommunedirektøren si vurdering**
Vi klarar å lage mykje god kultur for denne ramma, fordi vi i tillegg til kultureininga har eit stort engasjement frå frivillige lag og organisasjonar. Ungdommen er aktivt med i både «Give me 5» og 9.trinn-prosjektet. Kulturskulen er ein viktig medspelar for å få til dette.

Ungdomsrådet har vore aktive i arbeidet med å etablere frivilligsentral og fritidsklubb (FriUng).

Prosjektet Kavlvegen kultursti på Eidet, som er eit samarbeid mellom Surnadal kommune, Nordmøre museum og Husasnotra, har fått god støtte frå Riksantikvaren og fylket. Samarbeidet med NTNU Vitenskapsmuseet har tilført viktig kunnskap om kavlvegen, og arbeidet med rekonstruksjon er no godt i gang. Bygginga av Kavlvegen kultursti held fram neste år. Det blir søkt om midlar til statles sikring og spelemidlar. Prosjektet har fått positiv og brei mediaomtale.

Vi har eit rikt og god tilbod på anlegg for å drive organisert idrett. Idrett og friluftsliv blir stadig viktigare for barn og unge, og ikkje minst for dei vaksne. STIKK-UT turar, stavgang, Kløverturar og vennetrim grip om seg med stadig fleire brukarar/deltakarar. Det må vi forsette å legge til rette for.

# 6 Politisk verksemd – ansvar 150

Leiar for dette ansvarsområdet er ordføraren. Arbeidet blir støtta med sekretærbistand frå sentraladministrasjonen og tenestekjøp av revisjonstenester og kontrollutvalet sine sekretariatstenester.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019 Netto | Øk.plan 2020 Netto | Øk.plan 2021 Netto | Øk.plan 2022 Netto | Øk.plan 2023 Netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Politisk verksemd | 3 497 | 3 500 | 3 126 | 3 126 | 3 126 | 3 126 |

# 7 Fellestjenester oppvekst – ansvar 200

I siste del av planperioden vil kommunedirektøren tilrå strukturendringar for å redusere den samla ressursbruken (og oppnå ei betre ressursutnytting) innan oppvekstsektoren. Det er for tidleg å seie noko om konkrete tiltak, og eit samla kutt på 15 millionar er derfor lagt på ansvar 200.

## 7.1 Nettverk Nordmøre – ansvar 210

# 8 Oppvekst

## 8.1 Midtigrenda barnehage – ansvar 223

**Status**

- Stor pågang av barnehageplassar, fortsatt brakkedrift pga. venteliste.
  Nybygg står klart medio 01.02-2020, men det blir ikkje nok plassar der så lenge vi skal ha løpende barnehageopptak.

**Utfordringar**

- Enkeltbarn som har sakkyndig vurdering frå PPT; treng ekstraressursar for at dei skal fungere i barnehagekvardagen. Barn i risiko. Tidleg innsats. Dette ligg ikkje i budsjettramma, og den blir for lita pga. at dette blir ei lovpålagt oppgåve.
  Vi ser at litt av sjukefråværet kan relateres inn mot krevande barnegrupper/dårlege fysiske areal.
- Stadig tilvenning i barnehagen spesielt på småbarn, pga. løpande barnehageopptak.
  Det krev at bemanninga må ha god nok kompetanse og at det er nok bemanning,
  Tilvenningstida må prioriterast med god tilknyting mellom barn og personalet.
  Dette kan vera krevande når mange nye barn starter på same tid.
- Krevande å oppretthalde god nok IKT-fokus, spesielt på utstyr som krev eit budsjett som vi ikkje har nok pengar til.

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- Utvikle læringsmiljøet vårt i samsvar med satsinga vi har på godt læringsmiljø.
- Oppgradere eksisterande bygg slik at det heng saman med nybygg, og slik at bhg. blir ordna som ein barnehage og ikkje som eit sambrukshus/grendahus (velforeningane er no trekt ut frå bygget).
- Oppgradere verkty ifht. IKT, nye skjermar på alle avdelingar.
- Halde fokus på korleis best muleg løyse utfordringar knytt opp mot krevande barnegrupper, enkeltbarn som treng tett oppfølging og tidleg innsats.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Fokus på gode nok økonomiske rammer som gjer oss i stand til å oppfylle alle krav og lovpålagte oppgåver vi har foran oss.
- Starte opp med nytt satsingsområde i samsvar med Nettverk Nordmøre/ framtidas oppvekst.
- Fortsatt halde fokus på godt læringsmiljø, og bruke det vi har lært på vegen vidare.
- Rammeplanen må vera med som eit førande dokument heile vegen.
- IKT: Kompetanseheving på ulike plan, både inn mot barna og personalet.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021-netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023-netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Midtigrenda barnehage | 9 303 | 8 100 | 8 517 | 8 517 | 8 517 | 8 517 |

## 8.2 Øye og Skei barnehage – ansvar 227

**Status**

- Vi har 87 barn pr. nov. 2919.
- Det er stor pågang på småbarnsplassar.
- Skei barnehage treng utbetring av eksisterande lokalar/ nye lokalar. Det trenger inn vatn på fleire steder og murpussen faller av veggene.
- Vi har hatt stor nedgang i sjukefråværet.
- Vi har lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

**Utfordringar**

- Budsjettramma er for lita til å ha lovpålagt bemanning.
- Vi har utfordringar med å få til nok ubunden tid for barnehagelærarane.
- Vi har minoritetspråklege barn som skulle hatt meir språktrening enn vi klarar å få til innanfor det ordinære tilbodet.

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- Vi ønsker å auke refleksjonsnivået hos den enkelte tilsette.
- Vi ønsker å utvikle læringsmiljøet.
- Prioritere oppdatering og vedlikehald av digitale verktøy, samt opplæring i bruk.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Flytte Skei barnehage inn i nye lokale.
- Ha nok kapasitet på barnehageplassar.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021-netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023-netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Øye og Skei barnehage | 12 105 | 11 800 | 12 114 | 12 114 | 12 114 | 12 114 |

## 8.3 Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter – ansvar 231

**Status**

- 41 elevar i skulen.
- Til saman 29 barn i barnehagane.
- Godt samarbeid internt og på tvers av avdelingane.
- Stor fleksibilitet i personalet, som løyser fråvær etter beste evne.
- Fleire nytilsette både i barnehage og skule dette året.
- Eininga arbeider m.a. med IKT, rammeplanen for barnehagen, nye læreplanar for skule, og læringsmiljø.

**Utfordringar**

- Eininga har mykje IKT-utstyr som er av eldre dato, og vi har behov for eit større løft. Dette gjeld både elev-maskiner og gamle tavler/projektorar. Det er ikkje rom for eit slikt løft under gjeldande økonomiske rammer.

- Det er dels krevjande å få kopla på nytilsette i ein del av utviklingsarbeidet som har vore drifta over litt lengre tid, både når det gjeld IKT og i anna utviklingsarbeid.

- Som ein fådelt skule opplever vi at det er utfordrande å dele inn klassane på rett måte, spesielt om ein skal ta omsyn til både det pedagogiske, økonomiske og gi "lik" arbeidsmengde på den enkelte kontaktlærer.

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- Fortsette fokus på IKT utstyr og opplæring.
- Arbeide aktivt med §9A, for å fortsette å skape trygge rammer for alle i heile oppvekstsenteret.
- Fortsette med å implementere rammeplan i barnehagane.
- Førebuing og implementere ny læreplan i skulen.
- Delta i læringsløyper, eit samarbeid i Nettverk Nordmøre
- Kompetent og stabilt personale som skaper kvalitet, trygghet og samarbeid for alle.
- Økonomisk ramme som tek omsyn til måla og utfordringane våre.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Implementere ny læreplan i skulen.
- Fortsette fokus på IKT utstyr og opplæring.
- Kompetent og stabilt personale som skaper kvalitet, trygghet og samarbeid for alle.
- Delta i læringsløyper, eit samarbeid i Nettverk Nordmøre
- Økonomisk ramme som tek omsyn til måla og utfordringane våre.

- Få ordna skuletaket, som har hatt mange lekkasjar i mange år. Når dette er i orden, ønsker vi å fornye store delar innvendig i skulebygget, mykje av romma er uendra frå 1980. Dette kan utbetrast med enkle og rimelige grep som malingsarbeid og liknande. Eg er bekymra for at bygget står i fare for å bli øydelagt eller får/har råte- og soppskadar som kan være skadeleg for elevar og tilsette.
  Utanom taket, er bygget godt eigna til dagens bruk. Skulen er på ei flate, funksjonell for funksjonshemmingar, og trygg m.o.t. enkel evakuering ved t.d. brann.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021-netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023-netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Bøfjorden og Bæverfjord oppvekst. | 8920 | 8 800 | 9 027 | 9 027 | 9 027 | 9 027 |

## 8.4 Mo oppvekstsenter – ansvar 233

**Status**

- 23 barn i barnehagen, ein med utsett skulestart. Vi tek imot 3 nye 1- åringar og ein 2-åring i vårhalvåret 2020.
- 35 elevar i skulen.
- Godt samarbeid mellom skule, SFO og barnehagen.
- Vi har ein lærling i barne -og ungdomsfag i skuleåret 2019-2020.
- Stort sjukefråvær i eininga.
- Konstituert rektor skuleåret 2019-2020
- Ein tilsett-pensjonist hausten 2019
- 2 nytilsette i skule i 60% vikariat og 40% fast stilling.
- Starta drift av kantine skuleåret 2019-2020
- Uteskule /aktivitetsskule for 1.-7. trinn kvar onsdag med intensjon om tverrfagleg basert undervisning.
- Helsesjukepleiar annakvar tysdag i 3 timar. Eit positivt tilbod som kjem alle på oppvekstsenteret til gode.

**Utfordringar**

- Kantinedrift vart sett i gang hausten 2019 etter undersøkingar kring ønske om kantine både frå foreldre og elevar. Samt at kontrollutvalet ytra ønske om at alle elevar i Surnadal kommune burde få det same tilbodet i forhold til kantinemat. Vi ser at kantinedrift er positivt for trivsel og læring, men at organisering av dette tek tid

mellom anna frå elevar som treng ekstra hjelp i klasserommet. Ca 20% stilling går med til kantinedrift pr. veke.

- Vi har fokus på tidleg innsats i barnehagen og i skulen. Vi har barn som er i risiko, og barnehagen/skulen har i utgangspunktet ikkje nok grunnbemanning for å kunne ivareta desse barna godt nok. Vi har ikkje økonomi til å setje inn ønska tiltak for å hjelpe desse barna.

- Stort sjukefråvær i eininga. Dette skuldast i hovudsak langtidssjukemeldingar på grunn av eigen helse. Over lang tid forårsakar stort fråvær slitasje på personale, difor sett vi om mogleg inn vikar frå første dag når nokon er sjuke. Dette for å ivareta både elevar og personale så godt som mogleg ved stort fråvær. Både einingsleiar og rektor tek vikartimar for å få dagane og vekene til å gå i hop ved stort fråvær.

- Økonomiske rammer for å oppretthalde og skifte ut nødvendig IKT utstyr til pedagogisk arbeid på oppvekstsenteret.

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- Oppretthalde fokus på IKT utstyr og opplæring. Samt digital transformasjon når det gjeld samarbeid med heimen og informasjonsflyt i eininga.
- Lågare sjukefråvær.
- Gi god tilpassa opplæring i dialog med barna/elevane.
- Fortsett å skape tverrfagleg og temabasert læring i skule og barnehage.
- Fortsette med implementering av rammeplan i barnehagen og ny læreplan i skulen.
- Vidareutvikle uteområdet i lag med FAU og elevar.
- Lage ei felles verdiplattform for oppvekstsenteret i samskaping med SSU, FAU, tilsette og elevar med utgangspunkt i prosjektet læringsmiljø.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Implementering av ny læreplan for skulen og rammeplan for barnehagen.
- Økonomiske rammer som gjer oss i stand til å oppfylla dei behova elevar og barn har.
- Kompetente personalet som er gode å skape gode læringsmiljø.
- Kompetent personalet i forhold til bruk av IKT.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021-netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023-netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Mo oppvekstsenter | 8 611 | 7 700 | 7880 | 7 880 | 7 880 | 7 880 |

## 8.5 Todalen og Stangvik oppvekstsenter – ansvar 234

**Status**

- Utfordringar med barn med ekstra behov. Stor fleksibilitet i personalgruppa over år, vi strekker oss langt for å imøtekome alle behova. Men over tid tek dette på. Sjukefråvær, slitasje på personalet.
- At ein får økonomiske rammer til å møte desse utfordringane.
- Elevtal: Stangvik 62, Todalen 28. Barnehagane: 32 ungar i Stangvik barnehage og 7 ungar i Todalen barnehage.
- Ei stor auke i antal barn ved SFO- Stangvik i haust, dei har teke over lokala barnehagen ved Stangvik nytta seg av oppe på skulen. SFO har no lokale tilpassa sitt behov, medan barnehagen ikkje lenger har lokale til å ta imot like mange ungar som før.

**Utfordringar**

- Utfordringar med barn som har ekstra behov både med tanke på personale og romtekniske løysingar. Her krev det også innleie ved første fråværsdag ved personale.
- Løpande opptak, vanskeleg å forutsjå personalbehovet når ein ikkje heilt veit søkjarmassen for eit heilt budsjettår. Lovpålagt bemanningsnorm i barnehagen, og eit mål om full barnehagedekning til ei kvar tid. Her kjem ein ofte i konflikt med budsjettramme og personalkostnaden ved full barnehagedekning. Stangvik barnehage har heller ikkje lenger like store lokale å bruke til barnehageformål sidan SFO no treng det rommet barnehagen brukte på skulen.
- Få barn ved Todalen bhg., sårbart og krev vikar ved første fråværsdag hos personalet.

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- Fortsette arbeidet med læringsmiljø, ny rammeplan og fagfornyelsen (læreplan) i skulane.
- Fortsette satsing ikt gjennom å prioritere godt ikt-utstyr, kan ikkje sleppe oss bakpå her.
- Ved alle fire avdelingane vil ein fortsatt arbeide aktivt for eit godt skule- og barnehagemiljø. Behalde og rekruttere kompetent personale ved behov for det.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Eit fortsatt kompetent og stabilt personale som vil gje god kvalitet i barnehage og skule med tanke på bla læringsmiljøet, ikt og arbeidet for eit godt skule – og barnehagemiljø.
- Implementere dei nye læreplanane, fagfornyinga i skulane.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021-netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023-netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Todalen og Stangvik oppvekstsenter | 17 548 | 17 000 | 17 416 | 17 416 | 17 416 | 17 416 |

## 8.6 Øye skule – ansvar 236

### Status

- Elevtalet på Øye skule har fortsett å gå nedover, vi er i inneverande skuleår 255 elevar.
- Vi har nå 2 klassar per trinn ein liten og ein stor klasse delt etter målform med unntak av 4. og 7. trinn som har same målform i begge klassane og derfor er klassane delt i om lag to like store grupper
- Øye skule har vore gjennom ein utfordrande periode med tanke på rekruttering da vi siste året har 9 tilsette på veg ut i ein fødselspermisjon.

### Utfordringar

- Øye skule har vore gjennom ein utfordrande periode med tanke på rekruttering da vi siste året har hatt 9 tilsette på veg ut i ein fødselspermisjon.
- Handtere spesialundervisningsbehov gjennom skuleåret der det blir sett krav til ei bemanning 1 til 1.
- Øye skule har tatt imot 2 nye elevar som kjem rett frå flyktningeleir med null norskkunnskap. Desse elevane treng 2-språksassistent med kunnskap i norsk – Arabisk. På kort varsel kan vi få nye elevar med same utgangspunkt enten frå Syria og eller Eritrea.

### Dette vil vi oppnå i 2020

- IKT: Prioritere oppdatering/ vedlikehald av IKT-utstyr for elevar og tilsette.
- Pedagogisk utviklingsarbeid: Lokal tilpassing til fagfornyinga/ ny læreplan. Arbeide vidare med satsinga «læringsløypa – læringsmiljø». Aukande samhandling med Surnadal ungdoms-skule i både pedagogisk utviklingsarbeid og i høve komande administrative samanslåing.
- Kompetanseutvikling: Vi har lærarar på vidareutdanning kvart år for å møte kompetansekrava i faga framover.
- Personale og økonomi: Prøve å disponere tilgjengeleg personale så godt som mogleg.

### Dette vil vi oppnå i 2021-2023

- Halde fram samarbeidet med Surnadal ungdomsskule for at den nye barne- og ungdomsskulen SUBUS blir ein god skule for alle elevar og tilsette.
- Ein ny skule for elevar og tilsette som har fasilitetar vi no manglar, men som i 2018 er sett på som normal standard. Eks: Kantine for elevane, gode og eigne lokale for SFO, garderobar tilpassa elevtal og alder, store og gode nok lærararbeidsplassar som er eigna for samarbeid med kollegaer osb.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021-netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023-netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 28 627 | 27 500 | 28 146 | 28 146* | 28 146* | 28 146* |

*Sammenslått med Surnadal ungdomsskule.

## 8.7 Surnadal ungdomsskule – ansvar 237

**Status**

- Elevtal 2019/ 20: **201**

**Utfordringar**

- Ein del langtidssjukemeldingar hausten 2019.
- Tilpasse ramma 2020

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- IKT: Prioritere oppdatering/ vedlikehald av IKT-utstyr for elevar og tilsette.
- Sosial kompetanse: MOT. Systematisk fokus på læringsmiljø. Spekterundersøkingar med oppfølging i samarbeid med PPT to gonger i året.
- Pedagogisk utviklingsarbeid: Involvering av elevar, foreldre, tillitsvalde og næringsliv i planarbeidet. Oppfølging av lokalt og interkommunalt visjons- og målarbeid. Lokal tilpassing til fagfornyinga/ ny læreplan. Arbeide vidare med satsinga «læringsløypa – læringsmiljø». Internt utviklingsarbeid med felles skolering/ utprøving av metoden «samarbeidslæring». Aukande samhandling med Øye skule i både pedagogisk utviklingsarbeid og i høve komande administrative samanslåing.
- Kompetanseutvikling: Halde fram med oppfølginga av kompetanseplanen. Vi har lærarar på vidareutdanning kvart år for å møte kompetansekrava i faga framover.
- Personale og økonomi: Prøve å disponere tilgjengeleg personale så godt som mogleg.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Halde fram samarbeidet med Øye skule for at den nye barne- og ungdomsskulen SUBUS blir ein god skule for alle elevar og tilsette.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap | Budsjett | Budsjett | Øk.plan | Øk.plan | Øk.plan |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | 2018-netto | 2019-netto | 2020-netto | 2021-netto | 2022-netto | 2023-netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 24 420 | 24 000 | 24 623 | 24 623* | 24 623* | 24 623* |

*SUBUS adm. samanslåing med Øye skule f.o.m. haust 2020.

## 8.8 Vaksenopplæring og integrering–ansvar 238

**Status**

- I skrivande stund er omlag 85 flyktningar busette i kommunen.
- Ved vaksenopplæringa får omlag 50 personar opplæring i norsk og grunnskulefag.
- 24 personar deltek på kommunen si introduksjonsordning.
- Ved vaksenopplæringa får 50 deltakarar opplæring på dagtid og åtte deltakarar på kveldstid. Tilbodet på kveldstid er for arbeidsinnvandrarar.
- Våren 2019 gjennomførte ti elevar grunnskuleeksamen.
- I august 2019 starta 13 elevar på vidaregåande skule.
- Eininga har 12 tilsette. Av desse er fire tilsett ved integreringa og åtte ved vaksenopplæringa.

**Utfordringar**

- I dei seinare åra har tale på personar som kjem til Noreg og søkjer asyl vorte betydeleg redusert. av asylsøkjarar til Noreg er i løpet av det siste året er betydeleg redusert. Dette vil i sin tur føre til at kommunane blir oppmoda om å busette færre flyktningar enn tidlegare førespegla. Når kommunen busett færre flyktningar vil det føre til at statlege overføringar blir redusert og at aktiviteten i eininga på sikt må takast ned.
- Som skrive over er det vanskeleg å framskrive tal fleire år framover da det er umuleg å spå om korleis flyktningsituasjonen vil sjå ut i åra som kjem.
- Auke forståinga for flyktningarbeidet internt i kommunen.

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- Gje dei busette flyktningane tilbod om eit målretta og individuelt tilpassa introduksjonsprogram.
- Tett oppfølging av kvar einskild flyktning.
- Busette det talet på flyktningar som kommunestyret eventuelt gjer vedtak om.
- Sikre flyktningane godt tilpassa opplæring i norsk og grunnskulefag.
- Betre integreringsarbeidet gjennom å vidareutvikle samarbeidet med frivillige organisasjonar.
- Vidareføre det gode samarbeidet med lokalt næringsliv.
- Informere lokalsamfunnet om eininga sitt arbeid.
- Sørge for at flyktningarbeidet får ei klåroppgåvefordeling mellom dei kommunale einingane.
- Arbeide for at flyktningane blir ein integrert del av lokalsamfunnet.
- At minst 80 % av flyktningane går over i aktive tiltak (skule eller jobb) etter avslutta introduksjonsprogram.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Tilby dei flyktningane som blir busett i kommunen og som er i målgruppa for introduksjonsordninga eit godt og målretta kvalifiseringsløp som er i tråd med dei krav som introduksjonslova sett. Dette gjeld anten dei vel å gjennomføra grunnskuleopplæring eller praktisk norsk der arbeidspraksis/språkpraksis er ein del av kvalifiseringsløpet.
- Tilby framandspråklege som busett seg i kommunen grunnleggande norskopplæring.
- Skape god samarbeidsrelasjonar med dei frivillige organisasjonane.
- Minst 80 % av dei som avsluttar introduksjonsprogrammet over i aktive tiltak innan eit år etter avslutta program.
- Arbeide for at flyktningar og innvandrarar blir ein naturleg brukargruppe av dei offentlege tenestene i kommunen.
- Vidareutvikle det gode samarbeide mellom flyktningane/flyktningtenesta og private verksemder.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021- netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023- netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Vaksenopplæring og integrering | 15 633 | 12 594 | 13 167 | 13 167 | 13 167 | 13 167 |

**Kommunedirektøren sin kommentar**

Einingane i oppvekst varslar om tronge rammer også i 2020, der det er lite rom for nye utfordringar eller endringar. Når *vi* får fleire barn i ein barnehage, refusjonskrav frå ein annan kommune eller fleire barn med særskilde behov, har einingane store utfordringar med å halde budsjetta sine.

Størstedelen av budsjetta går til løn for tilsette. I oppvekst går om lag 90% av budsjetta til løn. Den opplevde kvaliteten på barnehage – og skuletilboda er direkte knytt til talet på tilsette og den kompetanse dei tilsette møter barna med. Regjeringa Solberg har også i statsbudsjettet for 2020 varsla ei vidareføring av øyremerka styrkingsmidlar for 1.- 10. trinn. Desse midlane skal både styrke den tidlege innsatsen for dei yngste og bidra til å oppfylle lærarnormen som vart innført i 2018. Dette er midlar Surnadal kommune må rapportere til staten om bruken av, og som ein må dokumentere at blir brukt til å auke innsatsen for 1.-10.trinn i alle skulane. Dette skal kome i tillegg til kommunen sine eigne ressursar.

Ein har i Surnadal kommune fått ein stor auke av småbarnplassar dei siste fem åra. Auken har i hovudsak vore i Nedre Surnadal, og rammene har vore utfordra i fleire rundar. Midtigrenda fekk ei mellombels løysing for barnehageåret 2017/18, som vart vidareført i barnehageåret 2018/19 og også i 2019/20.

I investeringsbudsjettet for 2019 var det lagt inn kr 4,8 mill. til oppgradering og utviding av Midtigrenda barnehage. Dette vil gi plass til dei barna som i dag brukar den mellombelse paviljongen.

Det er likevel framleis behov for meir areal til barnehageplassar. Våren 2020 vil paviljongen i Midtigrenda igjen bli fylt opp med nye barn gjennom løpande opptak.

Kommunestyret gjorde vedtak om å få framlagt ei sak om framtidig bruk av 97-bygget på Øye. Arbeidsgruppa som arbeider med dette, ser at dette bygget kan gi Surnadal kommune ein stor fleksibilitet for å ta dei variasjonane i fødselstal og løpande opptak. Skei barnehage treng vedlikehald, og ved å flytte til 97-bygget får dei både eit betre kvalitativt bygg og fleksibelt areal. Kommunestyret vil få ei eiga sak kring dette i løpet av 2020.

Den største investeringa innanfor oppvekstsektoren i økonomiplanperioden er bygginga av det nye skulebygget for elevar og tilsette på nye Surnadal barne- og ungdomsskule. Øye skule og Surnadal ungdomsskule er også godt i gang med organisasjonsutviklinga for framtidig fagleg og pedagogisk drift og organisering. Det har vore eit arbeid det siste året med å forenkle bygget og redusere kostnadane, slik at ein kjem innafor den vedtekne ramma på 215 mill. inkl. mva. Dersom alt går som planlagt, blir det byggjestart våren 2020.

Surnadal kommune har vedteke busetting av 16 flyktningar i 2020. Vi er ein av kommunane som framleis får anmoding om busetting. Dette viser at Vaksenopplæring – og integrering gjer ein god jobb. Denne busettinga gjer at vi dei siste åra har kunne oppretthalde ei relativt stabilt teneste i omfang og tilsette.

Frå 01.01.2020 blir Surnadal kommune vertskommune for Surnadal og Rindal PPT og Surnadal og Rindal kulturskule. Desse to teneste er heimla i Opplæringslova, og vil gjennom dei nye samarbeidsavtalane vere einingar under  Surnadal kommunestyre med eigne politiske nemnder. Administrativt vil einingane vere ein del av einingane til kommunedirektøren i Surnadal, med kommunalsjef for oppvekst som ansvarleg.

# 9 Fellestjenester helse og sosial – ansvar 300

I siste del av planperioden vil kommunedirektøren tilrå driftsendringar for å redusere den samla ressursbruken (og oppnå ei betre ressursutnytting) innan helse- og sosialsektoren. Det er for tidleg å seie noko om konkrete tiltak, og eit samla kutt på 10 millionar er derfor lagt på ansvar 300.

# 10 Helse og omsorg

## 10.1 Helse og familie – ansvar 310

**Status**

Kommuneplanen sin samfunnsdel, Omsorgsplanen og Rusmiddelpolitisk handlingsplan, gir føringar for eininga sine tiltak i tillegg til lover og forskrifter. Koordinerte tenester, helsestasjon- og skulehelseteneste og svangerskap/barselomsorg har vore satsingsområda dei siste åra. Vi har fått prosjektmidlar til styrking av skulehelsetenesta med ei 50% prosjektstilling, og har fått tilsett jordmor i 50% prosjektstilling. Førebels er dette ut mars 2020, men blir forlenga om vi får tilskot for 2020. Tilskotsmidlane gjer at vi får gjennomført tidleg heimebesøk av jordmor for barselkvinner rett etter heimkomst frå sjukehus i samsvar med statlege føringar. Vi har også etablert open trefftid med helsesjukepleiar på alle skulane. Open trefftid har før berre vore eit tilbod berre ved Øye skule og ungdomsskulen. Vi har som mål å kunne vidareføre tiltaka også etter prosjektperioden.

Tilbod til ungdom og unge vaksne blir også styrka gjennom prosjektmidlar vi har fått til rusarbeid. Det er tilsett ein ungdomskontakt i 100% stilling og ein aktivitetskontakt i 100% stilling i ein prosjektperiode på 3 år, for å etablere eit aktivitets- og etterverntilbod.

**Utfordringar**

Barn og unge opplever mange utfordringar i kvardagen sin og fleire av dei slit med psykiske vanskar. Øye skule skulle ha hatt meir tid til open trefftid etter som dette er ein barneskule med mange elevar. Barna på mellomtrinnet i barneskulen bør få større prioritet for å førebyggje vanskar i ungdom- og vidaregåande skule.

Busetting av flyktningar og familiegjenforening fører til auka press på helsestasjonen. Konsultasjonar og oppfølging av familiane er tidkrevjande. Behov for samtalar og veiledning frå helsesjukepleiar er aukande.

Ein slit fortsatt med å få rekruttert fastlege i ledig heimel samt tilsetting av kommuneoverlege.

Stillingane innan rusarbeid er finansiert gjennom eit 3-årig tilskot frå staten, der midlane blir redusert med 20% årleg. Det er behov for at desse stillingane blir oppretthalde som 100%- stillingar sjølv om tilskottet blir redusert.

Utfordringar med omsyn til jordmor og vidareføring av igangsette tiltak retta mot tidleg heimebesøk av jordmor for barselkvinner rett etter heimkomst frå sjukehus. Prosjektmidlane tek slutt våren 2020. Det same gjeld for prosjektstillinga i skulehelsetenesta. Det er håp om at staten lyser ut nye midlar til desse tiltaka.

| | Surnadal 2018 | Surnadal 2017 | Møre og Romsdal | Gr 11 | Landet u/Oslo |
|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent) | 3,6 | 3,6 | 4,6 | 4,9 | 4,8 |

**KOSTRA-tal**

(Indikatoren angir prioritering av kommunens frie midler til kommunehelsetjenesten. Dette gjelder forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste, annet forebyggende helsearbeid, aktiviserings- og servicetjenester overfor eldre og personer med funksjonsnedsettelser, diagnose, behandling, re-/habilitering. Fordelingen er sett i fohold til kommunens bruk av frie midler totalt på alle områder.)

| Aktivitet i helsestasjons- og skolehelsetjenesten, etter statistikkvariabel, helsekontroller, år og region | Surnadal 2018 | Surnadal 2017 | Møre og Romsdal | Gr 11 | Landet u/Oslo |
|---|---|---|---|---|---|
| Hjemmebesøk nyfødte | 100,0 | 100,0 | 93,3 | 91,9 | 90,6 |
| Undersøkt 8. leveuke | 108,7 | 115,7 | 98,0 | 99,1 | 99,5 |
| Undersøkt ved 2-års alder | 103,2 | 108,0 | 95,5 | 95,7 | 95,9 |
| Undersøkt ved 4-års alder | 92,8 | 105,3 | 95,5 | 95,7 | 96,3 |
| Undersøkt grunnskole 1. trinn | 103,4 | 94,0 | 88,6 | 83,3 | 79,0 |

Tabellen over viser at prosentandelen på nokre av helsekontrollane ligg over 100% for Surnadal, samanlikna med fylket og landet elles. Noko av forklaringane kan vere at svært få takkar nei til helseundersøkingar. Samstundes blir det ved behov innkalla til ekstra oppfølging etter helsekontrollar som kan gi utslag i statistikken. I 2018 låg vi etter med 4-årskontrollane, noko som vi ser har gitt utslag.

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- Vidareføre prosjekt «God oppvekst» saman med PPT og IK barnevern (ICDP og Tverrfaglig blikk).
- Få rekruttert fastlege, og kommuneoverlege.
- Arbeide vidare med å få eit tilfredstillande helsestasjonstilbod for busette innvandrarar og nye som kjem.
- Arbeide aktivt med kvalitetssikring av tenestene våre.
- Arbeide for ei vriding av helsetenesta til meir tid til skulehelseteneste. Vidareføre open trefftid ved grendaskulane. Mellomtrinnet på barneskulane blir prioritert gjennom auka skulehelseteneste.
- Få på plass oppfølging, aktivitetar og andre tiltak i rusførebygging, aktivisering- og ettervern der ungdomskontakt og aktivitetskontakt har ei sentral rolle.
- Fortsette med implementering av pakkeforløp innan psykisk helse og rus, både for vaksne, barn og unge.
- Gjennomføre Ungdata– undersøking våren 2020.

- Under føresetnad av tildeling av tilskot frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, blir prosjektet: «*Systematisk identifikasjon og oppfølging av utsatte barn* « gjennomført. Dette er eit fellesprosjekt for tenestene i Familiens hus.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Ha eit fagleg forsvarleg helstilbod i samsvar med lover og forkrifter innanfor alle tenesteområda i Helse og familie.
- Tverrfagleg arbeid med barn og unge-tidleg innsats.
- Helsesjukepleiarressurs med open trefftid på alle grendaskulane.
- Vidareføre tidleg heimebesøk av jordmor for barselkvinner rett etter heimkomst frå sjukehus i samsvar med statlege føringar.
- Vidareføre rusarbeidet som er sett i verk.
- Brukarplanregistrering 2021.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021- netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023- netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Helse- og familie | 20 550 | 21 800 | 21 342 | 21 342 | 21 342 | 21 342 |

## 10.2Sjukeheimen – ansvar 330

**Status**

Tenester i eininga Surnadal sjukeheim, omfattar heildøgns omsorg og pleie. I tilknyting til opphaldet er det organisert legeteneste, fysioterapiteneste og sjukepleiarteneste i samarbeid med andre deler av den kommunale helse- og omsorgstenesta. Tenesta er heimla etter Lov om helse- og omsorgstenester m.m.

- Langtidsavdeling 1: 12 langtidsplassar
- Langtidsavdeling 2:  12 langtidsplassar
- Kåret, avdeling for demente: 16 plassar. Ved behov for forsterka skjerming må pasienttalet reduserast til 15 plassar.
- Bu- og avlastningsavdelinga (BOA): Består av 12 langtidsplassar, 4 korttidsplassar, 2 rulleringsplassar/ avlastning, 3 observasjonspost-rom (derav eit palliativ-rom)
- Storkjøkken som produserer mat for sjukeheimen, omsorgsbustadane, heimebuande (matombringing), skular og barnehagar, i tillegg til drift av 3 kantiner.
- Vaskeri

**I 2019 har vi mellom anna**

- jobba for å tilpasse oss nytt driftsnivå med høve til dei 8 stengte romma i 2018.
- jobba med rekrutteringsutfordringane våre, og m.a. fått på vedtak om eigne rekrutteringstiltak for sjukeheimen.

- køyrd ulike digitaliseringsprosjekt og auka kompetansen vår innan velferdsteknologi. Prosjekt som jobbast med er eRom, digitale tilsyn, og låsstyring. I tillegg har vi teke i bruk PostUt i Gerica, Public360, samt auka bruken av dei ulike office-appane.
- oppretthalde eit godt kvalitetsfokus i tenestene gjennom å vidareføre arbeidet med fokusområder og kompetansesirkel, vi har arbeidd systematisk med refleksjonsarbeid, køyrd ulike e-læringskurs, starta opp ny gruppe innan Demensomsorgens ABC, delteke på ulike konferansar og kurs om m.a. reformen Leve Heile Livet.
- vore delaktig i plangruppa for nye omsorgsbustader.
- sett at nye Kafé Heimen er ein suksess og ein ofte bruka arena for sosialt samvær, arrangement og aktivitetar.
- oppretthalde vår partsamansette arbeidsmiljøgruppe, samt kvalitetsgruppa.
- endra turnusform frå årsturnus til 12-vekers grunnturnus (begge formene gjev høve til å spela inn ønskje for tilsette).
- starta med jobben for ny kompetanseplan, som er venta ferdigstilt før utgongen av 2019.
- starta eit arbeid for å definere bruk av spesialkompetanse ved sjukeheimen.
- fulgt prosessen med nye Helseplattforma som kjem.

**Utfordringar**

- Vi har utfordringar knytt til kapasiteten for å ta imot alle som treng sjukeheimsopphald etter stenginga av 8 rom i 2018. Stenginga har medført at fleire langtidspasientar blir liggande på korttidsavdeling, som igjen har svekka tilbodet vårt for korttids-, avlastnings- og observasjonsopphald. Dette igjen medfører auka kostnadar for utskrivingsklare pasientar på sjukehus.
- Vi har eit auka sjukefråvær som påverkar dagleg drift og økonomi. Vi klarar ikkje å halde budsjettet. Hittil i år er fråværet på 16%, som resulterer i mykje innleie og redusert kontinuitet i tenestene.
- Vi slit med å rekruttere sjukepleiarar fortsatt, og sjølv med rekrutteringstilbod på plass, så ser vi ingen umiddelbar auke i søknadsmassen no i haust.
- Bygningsmassen ved sjukeheimen er framleis i dårleg forfatning, og det er store behov for vedlikehald i påvente av helsehus/ renovering.

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- Velferdsteknologi og digitalisering, samt planlegging av ytterlegare utviklingsprosjekt.
- Oppretthalde kvalitets- og kompetansefokus i tråd med etablerte system, jobba med nytt fokusområde innan observasjonskompetanse og personsentrert omsorg.
- Iverksette plan for bruk av spesialsjukepleiarkompetanse på sjukeheimen.
- Følgje opp kompetanseplan med tilrettelegging for dei utdanningane vi har sagt er viktige for oss.
- Redusere sjukefråværet gjennom tettare samarbeid med Nav og bransjeprogramsatsinga i den nye IA-avtalen, god turnus- og bemanningsplanlegging, raskare avklaring ved langvarige sjukefråvær, og nærverande og relasjonsbasert leiing.
- Følgja med på prosessen for nye Helseplattforma.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Pasientflyten og dimensjonen på tenestene våre står i høve til kommunale tilbod elles, og helsehus-prosjektet vil vere kome langt og nærma seg sluttføring og klart for dagleg drifting.
- Fagkompetansen vår er organisert slik at vi ivaretek både kvalitet i tenestene og gode arbeidssituasjonar for våre tilsette.
- Velferdsteknologi skal vera ein integrert del av tenestetilbodet.
- Eit sjukefråvær på gjennomsnitt for bransjen eller helst betre.
- Vi implementerer Helseplattforma.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021-netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023-netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sjukeheimen | 52 219 | 49 900 | 51 160 | 51 160 | 51 160 | 51 160 |

## 10.3 Bu- og aktivitetstenesta – ansvar 340

**Status**

Eininga gir tilbod til personar med ulike formar for utviklingshemming, som har eit behov for bustad med individuelt tilrettelagte tenester til daglege gjeremål, avlastingsopphald i bustad og ulike formar for aktivitetstilbod og arbeid. Elles har eininga fått nye oppgåver og merkar auka etterspørsel etter tenester som krev endring i bemanning og auka kompetanse.

- Sommerrotunet aktivitetshus er eit positivt løft for heile eininga og for brukarar frå andre kommunar. Sanseavdelinga blir og brukt av andre innbyggarar i og utanfor kommunen.
- Eit av måla er å auke fagkompetansen og tilstrekkeleg med helsepersonell gjennom utdanning og rekrutteringstiltak. Dette har vore eit satsingsområde i saman med fylkeskommunen. Det er fleire som tek vernepleiarutdanning desentralisert over 4 år og på fulltid over 3 år.
- Eininga har regelmessig internundervisning der sentrale tema som er viktig for fagutvikling er satt på agendaen.
- Arbeid med kvalitetssikring og utvikling av rutinar og prosedyrar.

**Utfordringar**

- Eininga arbeidar med å få god kontroll og oversikt over økonomien i tenesta. Gjennom året har det vært endringar i tenestebehov og som følgje av dette har det vært ein omfattande prosess med omstilling og nedbemanning.

- I statsbudsjettet for 2020 ligg det forslag om endring i kommunenes refusjon av direkte lønnsutgifter for bistand overfor særskilt ressurskrevjande brukarar. Innslagspunktet blir auka med kr 50.000 til kr 1.361.000. Dette utgjer ei stor kostnadsauke for eininga.
- Økonomien er anstrengt og det er ei stor utfordring å nå budsjettmåla. Arbeidet med omstilling og nedbemanning vil derfor måtte bli ei prioritert sak framover. Lønnsveksten i mellomoppgjeret i 2019 utgjer ei kostnadsauke på 2,4 mill for eininga, der eininga får kompensert 1,46 mill. Avvik mellom budsjettbehov for 2020 (51 352) og økonomiplanen (49 960), ligg på 1,4 mill. Auka kostnadar og nedgang i inntekter gjer at utfordringa med å halde budsjettet blir stor.
- Sjukefråværet varierer gjennom året, men har auka og er rund 9 % i snitt dei siste 12 månadene. Det er fleire tilsette som er ute i langtidssjukefråvær. Korttidsfråværet er likevel for høgt og det arbeidast med å få redusert fråværet.
- Det er for få tilsette i eininga med helse- og omsorgsfaglig høgskuleutdanning for å kunne oppfylle krava i Helse- og omsorgstenestelova kap. 9. Etter tilsyn frå Fylkesmannen sommaren 2017, har kommunen fått pålegg om å auke kompetansen gjennom rekruttering av fleire med helse- og sosialfagleg høgskuleutdanning.

## Dette vil vi oppnå i 2020

- Satsing på fagutvikling og internundervisning for alle tilsette. Omgjering av assistentstillingar til stillingar for personell med helse- og omsorgsfagleg høgskuleutdanning og rekruttering av rett kompetanse for å oppfylle lovkrav i helse- og omsorgstenestelova. Vidareutdanning innafor velferdsteknologi, psykisk helsevern og rusarbeid for å auka kompetansen i eininga og kvaliteten på tenestene.
- Vidareføre arbeidet med tidleg avklaring og fokus på nærvær for å redusere sjukefråværet i eininga. Dette i samarbeid med Nav Arbeidslivsenter, tillitsvalte, verneombod og leiinga. Arbeide med arbeidsmiljøtiltak, som kan ha positiv effekt på trivsel og arbeidsmiljø.
- Utvide aktivitetstilbodet for å gi eit tilbod til fleire brukarar, som ikkje lenger kan nytte tilbodet dei har ved Trollheim AS.
- Vidareutvikle løysingar som kan gje varige endringar i måten å samarbeide på og nytte kompetansen på tvers av einingane i helse- og omsorg.
- Tilgjengelig og ny velferdsteknologi, som mellom anna gjeld bruk av digitale tilsyn, må ein sjå på muligheitene med og vurdere som ein del av tenestetilbodet. Dette er i tråd med anbefalingar frå sentrale myndigheiter om bruk av velferdsteknologiske løysingar i kommunane.

## Dette vil vi oppnå i 2021-2023

- Planlegge innføring og opplæring i bruk av ny felles pasientjournal – Helseplattformen.
- Innføring av velferdsteknologi der det er hensiktsmessig.
- Regelmessig internundervisning for tilsette. Arbeide for at alle tilsette har eit minimum av formalkompetanse i form av fagbrev innafor helse- og omsorg på vidaregåande nivå. Rekruttering av nye tilsette med helse- og sosialfaglig utdanning på høgskulenivå.
- Fokus på nærvær og tidlig kontakt med tilsette for å halde sjukefråværet lågast mogleg.
- Kvalitetsarbeid med fokus på nødvendige og forsvarlege tenester.
- Vidareutvikle og eventuelt utvide arbeidet innafor førebyggande psykisk helsearbeid.

- Utprøving av lengre vakter på helg og ei utprøving både kvardag og helg, med mål om auka brukartilfredsheit, fleire heiltidstilsette og redusert bruk av små helgestillingar. Dette har det vore arbeidd med i lang tid og fleire tilsette er positive, men tillitsvalte har fram til no ikkje ville vore med på dette.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021-netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023-netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Bu- og aktivitetsteneste | 50 038 | 47 700 | 49 760 | 49 760 | 49 760 | 49 760 |

## 10.4Heimetenesta – ansvar 350

**Status**
Internasjonale og nasjonale trendar går mot at stadig meir helsetenester skal utførast i pasienten sin heim, eller nærast mogleg heimen. Det er også eit overordna nasjonalt helsemål at folk skal få bu heime så lenge dei ønskjer det, trass sviktande helse. I Surnadal kommune har heimetenestene vore langt framme i dette arbeidet gjennom metoden HPH (Helhetlig Pasientforløp i Hjemmet), der vi arbeider med pasienten si eigenmeistring.  Vi har utvikla og forbedra pasientforløpet gjennom deltaking i KS sitt nettverk i Møre og Romsdal og fokus på dette på eigne fagdagar dette året.

Vi ønskjer å etablere ein kultur som er kjenneteikna av kunnskap, læring og samhandling.  Vi har trua på at kunnskap skal delast for å oppnå læring og utvikling. Difor legg vi til rette for samhandling mellom dei ulike fagområda for å styrke kvarandre. Dei seinare åra har vi bygd opp kompetanse på demens, kreft, diabetes, geriatri, rehabilitering, psykisk helse og legemiddelhandtering. Vi har dyktige og engasjerte leiarar som ved bruk av eit pasientforløp i stadig utvikling, greier å sy saman rett kompetanse, på rett stad til rett tid for brukaren og pasienten.
Heimetenesta har dei seinare åra digitalisert mange arbeidsprosessar, og velferdsteknologi er ein stadig meir aktuell del av tenestetilbodet. Vi har tatt i bruk digitale tryggleiksalarmar, e-lås, multidosedispensere, døralarmar og røykvarslarar tilknytt responssenteret.

**Utfordringar**
Utfordringa er å få alle tilsette og pasientar til å føle seg trygge på den nye teknologien og å tilpasse organisasjonen til dei nye løysingane.

Den demografiske utviklinga vil legge press på tenestene innafor fleire einingar i sektoren. For å finne optimale løysningar for eigen kommune, vil eg tru at ein treng å sjå på tiltak på tvers av einingane i større grad enn ein har gjort tidlegare.

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- Innføre ny velferdsteknologi som digitale tilsyn og GPS.
- Fortsette å ha fokus på tilbodet til pårørande og samarbeidet med pårørande i tråd med krav i nytt rundskriv om pårørandeoppfølging.
- Få demenskoordinator, kreftkoordinator og diabetessjukepleiar tidlegare inn i pasientforløpet. Helst ved diagnosefastsetting.
- Ha meir fokus på KS Læring som plattform for opplæring.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Utvide samarbeidet med dei andre einingane innafor sektoren for å gjere best muleg bruk av tilgjengeleg kompetanse og finne gode løysningar for vårt tenestetilbod.
- Gjere organisasjonen klar til å ta i bruk Helseplattformen og bidra aktivt i utforminga av innhaldet i Helseplattformen.
- Velferdsteknologi skal vere ein integrert del av tenestetilbodet.
- Ta i bruk fleire teknologiske løysingar som kan auke tryggleiken og eigenmeistringa for innbyggjarane, og forenkle og effektivisere arbeidsprosessar for tenesteytarar. Tenester innafor praktisk bistand må og involverast i sterkare grad.
- Få på plass eit "Helsehus" med arbeidslokale som er tilpassa dei oppgåvene vi skal løyse og som legg til rette for tverrfagleg samarbeid.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021-netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023-netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Heimetenesta | 32 936 | 33 839 | 34 451 | 34 451 | 34 451 | 34 451 |

## 10.5 NAV Surnadal – ansvar 360

**Status og utfordringar**

NAV Surnadal har full bemanning og eit godt arbeidsmiljø. Den store utfordringa ligg i å styrke arbeidslinja og få flest mogleg ut i arbeid og aktivitet. Arbeid er viktig for både å sikre eit stabilt inntektsgrunnlag, betre livsutfolding og det å bli del av det sosiale fellesskapet som normalt er på ein arbeidsplass. Det er og viktig for å få ned delen som går til økonomisk sosialhjelp.

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- Det er viktig å tenke arbeid og aktivitet og gode kvalifiseringsløp.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

Bruk mindre på økonomisk sosialhjelp og at vi får flere ut i arbeid og aktivitet (sjølvforsørgande) og sette krav til aktivitet for de som har sosialhjelp som einaste yting. Betre kartleggingar som gjer at ein kjem inn tidleg med tiltak.

## Kommunedirektøren sin kommentar

Året 2019 har mykje arbeid gått med til å tilpasse driftsnivået til nye rammer. Både ved sjukeheimen og i bu og aktivitet har det vore tøffe prosessar i løpet av året for å komme best mulig ut i høve budsjett. Ved sjukeheimen melder dei om utfordringar i etterkant av reduksjon i talet rom. Oppsummert melder dei at dei 8 stengte plassane har gjeve ei opphopning av pasientar med behov for langtidsplass på korttidsavdelinga. Resultatet av stenginga for pasientflyten sin del er grovt sett at halvparten av dei stengte romma har flytta til anna avdeling (dei opptar viktige observasjonspost-rom). Dette medfører igjen auka sjukehuskostnadar, då kapasiteten på korttids-/ obspost-rom er redusert. I tillegg til auka sjukehuskostnadar, ser ein betydeleg auke i kostnadar for innleie av personale for å dekkja opp behova kring det jamt høge belegget på korttidsavdelinga. Heimetenesta viser óg til auka utgifter med høve til innleie og sjukehuskostnadar. Ein ser og at sjukefråværet har auka i løpet av året. Fagteamet ved sjukeheimen tilrår at ein opnar opp att 4 rom for å løyse opp i pasientstraumen. Det er ikkje funne rom for å tilføre nye midlar til reopning av desse plassane i 2020 i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett.

For å finne gode framtidige løysingar på desse utfordringane er det viktig at arbeidet med planlegging og bygging av Helsehus blir prioritert. I samband med planlegging av eit Helsehus er tanken at ein både skal sjå på organisering av tenestene og muligheitene for samarbeid mellom dei, samt tilrettelegging for framtidas tenester gjennom bruk av velferdsteknologi og bygningsmessige tilpassingar. Første trinn i arbeidet er allereie godt i gang. Kommunestyret har som eit trinn 1 i arbeidet med Helsehus fatta vedtak om bygging av nye omsorgsbustader ved Surnadal sjukeheim, avd. Kåret. Planlegging av desse omsorgsbustadene har komme langt, og byggestart er forventa å skje i starten av 2020.

Innanfor helse og omsorg er det på gang mange store og utfordrande prosessar i komande økonomiplanperiode. Surnadal kommunestyre vedtok i juni 2018 å gå vidare med planlegging av eit framtidig Helsehus.

Som ei oppfølging av dette vedtaket er arbeidet med rullering av Omsorgsplana godt i gang. Målet er å finne strategiar og tiltak som vil kunne møte framtida sine behov for helse og omsorgstenester i Surnadal i åra framover. Framskrivingar av folketalsutviklinga syner at det er auka behov for heildøgns omsorgsplassar dei neste ti åra.

For å sikre gode og trygge tenester er kommunen avhengig av tilsette med relevant og oppdatert kompetanse til ei kvar tid. Vi har svært mange dyktige tilsette som bidrar til fagutvikling og kompetanseheving innafor sine område. Utfordringa framover vil vere å halde på alle dei gode medarbeidarane vi har, samstundes som vi må rekruttere nye medarbeidarar som ofte har andre krav og forventningar til m.a. lønn og arbeidsvilkår. Surnadal kommune konkurrerer om kompetanse både når det gjeld legar, sjukepleiarar, psykologar, barnevernspedagogar og vernepleiarar for å nemne noko. Godt omdømme saman med riktige rekrutteringstiltak må til for å skaffe den arbeidskrafta vi treng. Organisering av tenestene og samarbeid på tvers av einingane er og noko vi må sjå på for å bruke dei ressursane vi har på ein best muleg måte.

Einingane i helse og omsorg varslar om tronge rammer, der det vil vere naudsynt med fortsatt reduksjon i drifta for å komme innafor tildelte rammer.

# 11 Teknisk

## 11.1 Teknisk drift – ansvar 420, 430 og 460

**Status**

Einingane 420, 430 Kommunalteknikk og 460 Eigedom blei slått saman til ei eining frå 01.04.2019, men med eige budsjett ut året 2019. Frå 01.01.2020 er budsjetta for ansvar 420 og 460 slått saman, men det er eige budsjett for ansvar 430, VAR-området. I tillegg blir det reduksjon/endringar i bemanninga, stillingsressurs etter at einingsleiar for kommunalteknikk går av med pensjon blir ikkje erstatta, men skal løysast med om-rokkering av mannskap i Teknisk drift.

Driftsbudsjettet for ansvar 420 blei auka frå og med 2019, og det er no i betre samsvar med dei reelle kostnadene som er ved å drifte ansvaret, med lovpålagte krav og stadig auka kostnader for vegvedlikehald. For teneste 6710 Brannvesenet er det, og blir i åra framover etter kvart som mannskapsstyrken må fornyast eit stort behov for opplæring, slik som grunnkurs, opplæring i å køyre utrykning og oppkjøring til klasse C. Dette er kostnader det ikkje er rom for innafor ramma.

Driftsbudsjettet som er vidareført for «gamle» Eigedom er krevjande, antal tilsette er redusert siste åra, og med det lønskostnadane, men alle andre kostnader med å drifta alle bygg og anlegg stig meir, så med dagens driftsnivå/omfang er tildelt ramme vanskeleg å halde.

**Utfordringar**

- Teknisk kompetanse er ikkje erstatta ved fleire høve siste åra, og med tanke på dei store investeringane vi står ovafor med skule, helsebygg og VAR-området, er det utfordrande å følgje opp dette på tilstrekkeleg vis saman med den daglege drifta.
- Rehabilitering og fornying av behandlingsanlegg vassverk samt utskifting av brot-utsette rør-strekningar.
- Opplæring av deltidsmannskap i brannvesenet. Behov for fleire med utrykkings-sertifikat, sertifikat klasse C og grunnopplæring av brannmannskap.
- Driftsmidlar for vedlikehald av bygg.
- Ressursar til bustad-oppfølging for flyktningar.

**Nokre utvalte tal frå KOSTRA**

| | Surnadal 2018 | Surnadal 2017 | Møre og Romsdal | Gr 11 | Landet u/Oslo |
|---|---|---|---|---|---|
| Årsgebyr for vassforsyning (rapporteringsår + 1) | 2 765 | 3 082 | 3 572 | 3 276 | 3 741 |
| Andel innbyggjarar tilknytt kommunalt vassverk med tilfredsstilllande | 100 | 100 | 99,5 | | 98 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| prøveresultat e-colie | | | | | |
| Årsgebyr for avløpstenesta (rapporteringsår + 1) | 3 840 | 3 728 | 3 354 | 3 847 | 4 146 |
| Areal på formålsbygg per innbyggar, m2 | 6,57 | 6,57 | 5,67 | 5,76 | 5,12 |
| Utgifter til vedlikehald per kvadratmeter | 31 | 44 | 75 | 79 | 99 |

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- Ferdigstille nytt behandlingsanlegg og høgdebasseng i Stangvik (Prestelva vassverk)
- Forsterke vassleidningsnett iflg. investeringsplan.
- Etablere kommunalt avløp til Tellesbø.
- Starte bygging av Øye skule.
- Starte bygging av omsorgsbustader.
- Meir målretta vedlikehald på byggemassen med hjelp av nytt FDV-system.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Ferdigstille utbygging av ny vassforsyning til Kvanne og Stangvik.
- Fortsette utskifting av asbest-sementrør.
- Ferdigstille Øye skule og omsorgsbustadene.
- Starte arbeidet med bygging av nye omsorgsbustader, trinn 2.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021- netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023- netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 420 og 460 | 33 579 | 30 300 | 29 800 | 29 800 | 29 800 | 29 800 |
| 430 VAR | -3 923 | -2 471 | -2 471 | -2 471 | -2 471 | -2 471 |

## 11.2Areal- og naturforvaltning – ansvar 440

### Status

Areal og naturforvaltning har ansvar for forvaltningsoppgåver og saksbehandling knytt til plan- og bygningslova og ei rekkje andre sektorlover. Største del av eininga sitt budsjett er knytt til lønsutgifter. Eininga har inntekter i frå saksbehandlingsgebyr.

**Utfordringar**

- Det er utfordrande å vite kor mykje gebyrinntekter som kjem inn til eininga. Dette varierer stort frå år til år ut i frå kor stor byggeaktivitet der er i kommunen.

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- Fortsatt delta i LENSA-prosjektet for å stimulere til fortsatt høg aktivitet innan skogbruksnæringa.

- Fortsette arbeidet med å få realisert uregulerte og ubebygde private hytteområde.
- Følgje opp utviklinga av Svartvatnet friområde med leikeplass nr 2 og sykkelløype.
- Fastsette trase for gang- og sykkelveg frå Grimsmo til Øye bru.
- Vedta reguleringsplan for Syltøran – Brattørskogen.
- Fullføre arbeidet med gateadressering.
- Delta aktivt i faglege nettverk som til dømes
  - Klimanettverk Nordmøre (Orkidè)
  - Tilsynsnettverk byggesak (Orkidè)
  - Plannettverket (Møre og Romsdal fylkeskommune)

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Ajourføring av kartgrunnlag er i Statens kartverk sin fylkesgeodataplan planlagt i 2021 (552 000,-).

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021- netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023- netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 6 249 | 5 900 | 6 069 | 6 069 | 6 069 | 6 069 |

**Kommunedirektøren sin kommentar**
Forvaltningsrevisjonsrapporten «Vedlikehald kommunale bygg» viser at Surnadal kommune skulle brukt meire ressursar på vedlikehald av bygningsmassen. Med åra har vi fått eit etterslep som det blir krevande å ta att. Nytt FDV-system vil gjere oss i betre stand til å få oversikt over vedlikehaldsbehovet.

Den administrative staben er blitt redusert dei siste åra, som del av dei kommunale innsparingstiltaka. Nye Øye skule og omsorgsboligar er større prosjekt som også krev sitt av ressursar frå Teknisk drift. Dei tilsette legg ned ein stor innsats for å sikre ei god drift av våre anlegg og bygningsmasse, men vi ser at det er utfordrande å få tida til å strekke til i ein travel kvardag.

Aukande kostnader til vintervedlikehaldet går utover sommarvedlikehaldet. Dei siste åra er det bruka investeringsmidlar til fast dekke. Dei strekningane som får fast dekke blir godt opprusta før dekket blir lagt. Fire millionar er foreslått for neste år. Mellom anna vil nye stikkrenner vere viktig for å møte klimaendringar som aukande nedbørsmengder. Sjølv om budsjettet for drift og vedlikehald av vegnettet fekk ei auke siste året, er det framleis eit etterslep når det gjeld sommarvedlikehald som kant- og grøfterensk og grusing.

Det er no vedteke eit framtidig brannsamarbeid mellom Heim, Rindal og Surnadal. Dette vil bidra til at vi oppfyller krava i dei nye brannforskriftene. For feiarane våre er det organiseringa og gjennomføring av feiing av fritidsbustader som vil kreve sitt dei næraste åra.

I samband med oppfølginga av ny arealplan, er det no vedteke å legge ny arealplan for Syltøran ut på høyring. Det blir vidare arbeidd med å utvikle fleire attraktive boligfelt. Digitaliseringa vil i åra framover ha mykje å seie for å effektivisere og sikre ei god plan- og byggesakshandsaming.

Areal- og naturforvalting sitt budsjett er og svært stramt. Gebyrinntektene er ein inntektspost som varierer mykje frå år til år alt etter kor stor byggeaktiviteten er.  Med låg aktivitet er det derfor svært vanskeleg å kome ut i budsjettbalanse.

# 12 Interkommunale samarbeid

## 12.1 IK barnevern - ansvar 540

**Status og utfordringar**

Surnadal er vertskommune for den interkommunale barnevernstenesta i Halsa, Rindal og Surnadal. Halsa vil frå 1.1.20 bli ein del av Heim kommune. Rindal er ein del av Trøndelag fylke, og held frem med å vere ein del av interkommunalt samarbeid med Surnadal. Frå 1. januar vil ei ny interkommunal eining bli etablert, Indre Nordmøre barneverntjeneste, beståande av Surnadal, Rindal, Sunndal og Tingvoll. Surnadal blir vertskommune.  Tenesta i dag består av 12 årsverk fordelt på einingsleiar, 0,7 sekretær, 1,5 heimekonsulentar og 8,8 fagstillingar Vidare vil kommunestyret sitt vedtak av 8. november 2018 føre med seg ei utgreiing av framtidig samarbeid med Sunndal på barnevernsfeltet. Totalt omfattar tenesta i dag 12 årsverk fordelt på einingsleiar, 0,7 sekretær, 1,5 heimekonsulentar og 8,8 fagstillingar.

Hovudoppgåva til eininga er å sikra at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernstenesta skal på same måte som andre kommunale tenester bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Det har vore ei stor auke i antal saker og arbeidsmengd, noko som fører til stor arbeidsbelastning i eininga. Kompleksiteten i sakene legg beslag på stor saksbehandlarkapasitet, og det har vore ei auke i antal saker som blir prøvd i rettsapparatet. Dette har ført til ei stor belastning på dei tilsette. Sjukefråværet utgjør pr 1. november  1 årsverk.

Utvikling over år for IK barnevern:




Diagrammet viser utviklinga i meldingar som er motteke, kor mange barn som er under omsorg, og kor mange som er i hjelpetiltak. Diagrammet viser at mengd meldingar går litt opp og ned, der det er ein klart aukande tendens for 2018. Dette tyder på ei auke i mengda barn som mottek hjelpetiltak.
For 2018 er det ei auke i mengda barn som er under omsorg av barnevernet.

*Gjeld pr. 31.10.18

Diagrammet viser utviklinga i meldingar som er motteke, kor mange barn som er under omsorg og kor mange som er i hjelpetiltak.

Diagrammet viser at talet på meldingar går litt opp og ned, der det er ein klart aukande tendens for 2018. Dette tyder på ei auke i mengda barn som mottek hjelpetiltak.

For 2019 er det ei auke i talet på barn som er under omsorg av barnevernet.

**Utfordringar**

- Saksmengd og belastning.
- Aukande behov for hjelpetiltak.
- Behov for fleire tilgjengelege tiltak for barn med ulike behov.
- Behov for fleire heimekonsulentar, dette i samanheng med aukande behov for hjelpetiltak.
- Budsjett for etablering av nye tiltak.
- Behov for å styrke det førebyggjande arbeidet retta mot utsette barn, ungdom og familiane deira, slik at ein kan kome tidleg inn med gode tiltak og unngå problemutvikling.

**Dette vil vi oppnå i 2020**

Vi vil utvikle ei god interkommunal barneverntteneste. Formålet med felles barneverntteneste er å drive og vidareutvikle tenestetilbodet på vegne av deltakarkommunen, samt rekruttere og behalde kompetent, fagutdanna personale. Gjennom denne tenesta bli betre i stand til å gi rett hjelp til rett tid for de barn, unge og familiar som trenger bistand frå barnevernet i deltakarkommunane.

- Fortsatt styrke tidleg innsats, og redusere plasseringar utanfor heimen.
- Rekruttering av fosterheimar og tilsynsførarar.
- Felles opplæring og oppfølging av fosterheimar og tilsynsførare.
- Utvikle felles rutinar for ny felles teneste.
- Arbeide for utvikling av hjelpetiltak som kan brukas på tvers av kommunane.
- Styrke det tverrfaglege samarbeidet i alle fire kommunar.
- Informasjonsarbeid i alle kommunane om ny felles teneste.
- Arbeide for eit godt og stabilt arbeidsmiljø. Halde sjukefråværet på eit lågt nivå.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Sjå gevinsten av etableringa av Indre Nordmøre barneverntjeneste.
- Auka effektivitet i form av fleire digitale løysingar i fagsystemet, blant anna med arkiv og brev (svar inn/svar ut) samt oppgradert økonomiløysing i Familia.
- Fokus på å auke kvalitet innan det barnevernfaglege arbeidet fram mot barnevernreformen i 2022 der meir ansvar vil bli lagt til kommunane.
- Vidareutvikle tidleg innsats rundt barn og familiar gjennom programma ICDP og Cos-P.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021- netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023- netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| IK barnevern | 12 893 | 10 000 | 9 800 | 9 800 | 9 800 | 9 800 |

## 12.2 Surnadal og Rindal PPT– ansvar 510

**Status og utfordringar**

Hovudsatsing: Arbeid inn mot barnehagar og skular for å hjelpe med å gi barn og unge ein god oppvekst og eit godt læringsmiljø, særleg gjennom prosjekta:

- God oppvekst.

  - Fleirfagleg blikk.
  - Foreldrevegleiing ICDP.

- «Beredskapsteam mot mobbing.»

- Skulemiljøarbeid, nytt Kap.9A i Opplæringslova.

- Deltaking med vegleiarrolle i læringsløypa Læringsmiljø i Nettverk Nordmøre.

Stramme økonomiske rammer, samtidig med stort behov for god kompetanse og kapasitet i tenesteytinga med dei satsingane vi har, er ei stor utfordring. Viktig å ha stillingheimlar til fem fagpersonar for å ha eit attraktivt fagmiljø med forsvarleg kompetanse og kapasitet.

Vi har så langt hatt eit godt arbeidsmiljø og ei stabil tilsettegruppe med svært lågt sjukefråvær. Dette håper vi å ha også framover.

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- Fleirfagleg blikk nytta i fleire barnehagar.
- ICDP –foreldrevegleiing nytta også i personalgrupper i barnehagar/ skular.
- Kontinuerleg arbeid med lærings- og skulemiljøarbeid i begge kommunar.
- Aktiv medverknad i Læringsløyper om Læringsmiljø i Nettverk Nordmøre.
- Tilsette i barnehagar og skular skal få god vegleiing og ha god kompetanse på korleis etablere og oppretthalde godt læringsmiljø.
- Barn og unge skal ha eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø i kommunane våre, med trivsel, læring og utvikling.
- Barn/ elevar med særskilte behov skal få nødvendig hjelp til rett tid.

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Tilsette i barnehagar og skular skal få god vegleiing og ha god kompetanse på korleis etablere og oppretthalde godt læringsmiljø.
- Barn og unge skal ha eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø i kommunane våre, med trivsel, læring og utvikling.
- PPT skal vere ein attraktiv og kompetent samarbeidspart for skular og barnehagar i eigarkommunane og i Nettverk Nordmøre.
- Barn/ elevar med særskilte behov skal få nødvendig hjelp til rett tid.

**Økonomiske rammer**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021- netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023- netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Surnadal og Rindal PPT | 2 939 | 3 024 | 3 024 | 3 024 | 3 024 | 3 024 |

# 12.3 Surnadal og Rindal Kulturskole – ansvar 520

**Status**

- Pr 01.01.2020 vil Kulturskolen på Indre Nordmøre bli oppløyst og kulturskole blir ny eining i Surnadal kommune med vertskommuneansvar for Rindal.
- Vi leverer jamt over gode tenester der drifta er stabil. I ein omstillingsfase har utvikling av nye tilbod stått noko på vent.

**Utfordringar**

- Levere gode tenester innafor alle fagområda.
- Ha rom for å utvikle både bredde og fordjupingstilbod i tråd med rammeplan og lokal læreplan.
- Behalde og rekruttere kompetente lærarar i ein mindre skole.
- Utvikle tilbod og kompetanse til å utnytte ny teknologi i undervisninga.
- Tilby attraktive tenester.
- Redusere sårbarheit ved kort- og langtids sjukefråver. Vikarproblematikk.

**KOSTRA**

| | Surnadal 2018 | Surnadal 2017 | Møre og Romsdal | Gr 11 | Landet u/Oslo |
|---|---|---|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter til kommunale kulturskoler pr elev (kr) | 13 604 | 13 448 | 20 224 | 22 493 | 21 628 |

**Dette vil vi oppnå i 2020**

- Vidareføre tjenestetilbudet med god kvalitet. Vere ein lærande organisasjon.
- Gjennomføre målsettingar i lokal læreplan vedteke i kommunestyra i Surnadal og Rindal, som førande for drifta.
- Kartlegge og utnytte muligheitsrommet i å vera berre to kommunar kontra tre. Meir samarbeid mellom lærarar.
- Gi tilpassa tilbod innafor bredde, kjerne og fordjupning.
- Auka synlegheit i lokalsamfunnet

**Dette vil vi oppnå i 2021-2023**

- Bygge kompetanse i skolen til å fylle rollen som et lokalt ressurssenter for kunst og kultur.
- Etablere gode undervisningsmiljø med tilpassa lokale i begge kommunar.
- Behalde og rekruttere kompetanse i små stillingar.
- Lage felles framsyning for elever i begge kommunar.
- Meir samhandling med øvrige sektorar.

**Økonomiske rammer:**

| | Rekneskap 2018-netto | Budsjett 2019-netto | Budsjett 2020-netto | Øk.plan 2021-netto | Øk.plan 2022-netto | Øk.plan 2023-netto |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Surnadal og Rindal kulturskole | 3054 | 3 170 | 3170 | 3170 | 3170 | 3170 |

# 13 Løyvingar og prioriteringar

| Bevilgningsoversikter - drift tall i 1000 kr | Regnskap 2018 | Budsjett 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskudd | -190 032 | -204 574 | -206 646 | -206 646 | -206 646 | -206 646 |
| Inntekts- og formuesskatt | -157 123 | -144 798 | -153 137 | -153 137 | -153 137 | -153 137 |
| Eiendomsskatt | -19 467 | -22 300 | -27 000 | -27 000 | -27 000 | -27 000 |
| Andre generelle driftsinntekter | -28 304 | -22 624 | -24 624 | -24 624 | -24 624 | -24 624 |
| **SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER** | **-394 926** | **-394 296** | **-411 407** | **-411 407** | **-411 407** | **-411 407** |
| Sum bevilgninger drift, netto til tjenesteområda | 385 698 | 389 048 | 375 479 | 381 987 | 356 546 | 357 673 |
| Avskrivninger | 20 751 | 21 608 | 24 000 | 24 000 | 24 000 | 24 000 |
| **SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER** | **406 449** | **410 656** | **399 479** | **405 987** | **380 546** | **381 673** |
| **BRUTTO DRIFTSRESULTAT** | **11 523** | **16 360** | **-11 928** | **-5 420** | **-30 861** | **-29 734** |
| | | | | | | |
| Renteinntekter | -2 096 | -2 564 | -2 460 | -2 460 | -2 460 | -2 460 |
| Utbytter | -2 463 | -2 952 | -2 952 | -2 952 | -2 952 | -2 952 |
| Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | 1 093 | -2 500 | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 |
| Renteutgifter | 7 025 | 8 700 | 12 791 | 14 319 | 15 197 | 15 321 |
| Avdrag på lån | 19 248 | 15 500 | 19 550 | 23 250 | 25 667 | 26 729 |
| **NETTO FINANSUTGIFTER** | **22 807** | **16 184** | **23 929** | **29 157** | **32 452** | **33 638** |
| Motpost avskrivninger | -20 751 | -21 504 | -24 000 | -24 000 | -24 000 | -24 000 |
| **NETTO DRIFTSRESULTAT** | **13 579** | **11 040** | **-11 999** | **-263** | **-22 409** | **-20 096** |
| | | | | | | |
| Overføring til investering | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond | 2 905 | -2 796 | -111 | -111 | -111 | -111 |
| Netto avsetning til eller bruk av disposisjonsfond | -16 484 | -8 244 | 12 110 | 374 | 22 520 | 20 207 |
| Dekning av tidligere års merforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

| **Bevilgninger til tjenesteområdene** tall i 1000 kr | Regnskap 2018 | Budsjett 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| SENTRALADMINISTRASJONEN | 28 844 | 26 300 | 25 856 | 26 284 | 25 784 | 25 784 |
| KULTUR | 7 505 | 7 875 | 7 560 | 7 560 | 7 560 | 7 560 |
| POLITISK VERKSEMD | 3 497 | 3 500 | 3 126 | 3 126 | 3 126 | 3 126 |
| FELLESOMRÅDE OPPVEKST | | | - | - | -15 000 | -15 000 |
| NETTVERK NORDMØRE | - | - | - | - | - | - |
| MIDTIGRENDA BARNEHAGE | 9 304 | 8 100 | 8 517 | 8 517 | 8 517 | 8 517 |
| ØYE OG SKEI BARNEHAGE | 12 105 | 11 800 | 12 114 | 12 114 | 12 114 | 12 114 |
| BØFJORD OG BÆVERFJORD OPPVEKSTSENTER | 8 920 | 8 800 | 9 027 | 9 027 | 9 027 | 9 027 |
| MO OPPVEKSTSENTER | 8 611 | 7 700 | 7 880 | 7 880 | 7 880 | 7 880 |
| TODALEN OG STANGVIK OPPVEKSTSENTER | 17 548 | 17 000 | 17 416 | 17 416 | 17 416 | 17 416 |
| ØYE SKULE | 27 627 | 27 500 | 28 046 | 27 600 | 27 296 | 27 296 |
| SURNADAL UNGDOMSSKULE | 24 420 | 24 000 | 24 623 | 24 000 | 23 873 | 23 873 |
| VAKSENOPPLÆRING OG INTEGRERING | 15 633 | 12 594 | 13 267 | 13 267 | 13 267 | 13 267 |
| FELLESOMRÅDE HELSE- OG SOSIAL | | | - | - | -10 000 | -10 000 |
| HELSE OG FAMILIE | 20 550 | 21 800 | 21 342 | 21 464 | 21 464 | 21 464 |
| SJUKEHEIMEN | 52 219 | 49 900 | 51 160 | 51 460 | 51 460 | 51 460 |
| BU OG AKTIVITETSTENESTE | 50 038 | 47 700 | 49 760 | 49 960 | 49 960 | 49 960 |
| HEIMETENESTA | 32 936 | 33 839 | 34 451 | 34 651 | 34 651 | 34 651 |
| NAV | 8 595 | 7 000 | 7 295 | 7 295 | 7 295 | 7 295 |
| KOMMUNALTEKNIKK | 12 789 | 12 500 | - | | | |
| KOMMUNALTEKNIKK - VAR | -3 923 | -2 471 | -2 471 | -2 471 | -2 471 | -2 471 |
| AREAL OG NATURFORVALTNING | 6 249 | 5 900 | 6 069 | 6 069 | 6 069 | 6 069 |
| EIGEDOM | 20 790 | 17 800 | 29 800 | 29 800 | 29 500 | 29 100 |
| SAL AV KONSESJONSKRAFT | -4 593 | -4 600 | -7 800 | -7 800 | -7 800 | -7 800 |
| TILSKOT | 10 480 | 9 847 | 10 437 | 10 437 | 10 437 | 10 437 |
| FORDELING PENSJON OG FELLESTENESTER | -11 878 | -5 693 | -5 693 | -5 693 | -5 693 | -5 693 |
| DAGLEG LEIAR PPT | 2 939 | 3 024 | 3 024 | 3 024 | 3 024 | 3 024 |
| REKTOR KULTURSKULEN | 3 054 | 3 170 | 3 070 | 3 170 | 3 170 | 3 170 |
| KYRKJELEG FELLESRÅD | 5 732 | 5 632 | 5 760 | 5 760 | 5 760 | 5 760 |
| IK BARNEVERN | 12 893 | 10 000 | 9 900 | 10 000 | 10 000 | 10 000 |

| alle tal i 1000 kr | Regnskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Bevilgningsoversikt - investering | | | | | | |
| | | | | | | |
| Investeringer i varige driftsmidler | 42 164 | 92 243 | 139 203 | 138 075 | 68 573 | 42 686 |
| Tilskudd til andres investeringer | 1 200 | 250 | 350 | 350 | - | - |
| Investeringer i aksjer og andeler i selskaper | 1 872 | 1 900 | 1 900 | 1 900 | 1 900 | 1 900 |
| Utlån av egne midler | - | - | - | - | - | - |
| Avdrag på lån | - | - | - | - | - | - |
| **Sum investeringsutgifter** | **45 236** | **94 393** | **141 453** | **140 325** | **70 473** | **44 586** |
| | | | | | | |
| Kompensasjon for merverdiavgift | 5 192 | 15 600 | 22 797 | 24 975 | 11 780 | 4 980 |
| Tilskudd fra andre | 1 757 | - | - | - | 16 000 | - |
| Salg av varige driftsmidler | 411 | 2 400 | 2 400 | 2 400 | 2 400 | 2 400 |
| Salg av finansielle anleggsmidler | - | - | - | - | - | - |
| Utdeling fra selskaper | - | - | - | - | - | - |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midler | - | - | - | - | - | - |
| Bruk av lån | 37 715 | 76 393 | 116 256 | 112 950 | 40 293 | 37 206 |
| **Sum investeringsinntekter** | **45 075** | **94 393** | **141 453** | **140 325** | **70 473** | **44 586** |
| | | | | | | |
| Videreutlån | 3 048 | 9 000 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 5 000 |
| Bruk av lån til videreutlån | - 3 048 | - 9 000 | - 5 000 | - 5 000 | - 5 000 | - 5 000 |
| Avdrag på lån til videreutlån | 4 071 | 4 000 | 4 000 | 4 000 | 4 000 | 4 000 |
| Mottatte avdrag på videreutlån | - 5 378 | - 4 000 | - 4 000 | - 4 000 | - 4 000 | - 4 000 |
| **Netto utgifter videreutlån** | **- 1 307** | - | - | - | - | - |
| | | | | | | |
| Overføring fra drift | - | - | - | - | - | - |
| Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond | 2 637 | - | - | - | - | - |
| Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond | - 1 500 | - | - | - | - | - |
| Dekning av tidligere års udekket beløp | - | - | - | - | - | - |
| **Sum overføring fra drift og netto avsetn.** | **1 137** | - | - | - | - | - |
| **Fremført til inndekn. i senere år(udekket bel)** | - | - | - | - | - | - |

## Investeringsskjema 2020-2023

| INVESTERINGSBUDSJETT<br>Prosjekt nr | <br>Investeringsobjekt | Budsjett<br>2020 | Budsjett<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Budsjett<br>2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| 117 | IKT - Orkidé | 368 123 | 400 133 | 122 708 | 336 112 |
| 167 | IKT- LOKALT DIGITALISERINGSPROSJEKT | 1 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 |
| 000 | FELLESPROSJEKT HELSEPLATTFORMEN | | | 900 000 | |
| 000 | KULTURHUSPLASSEN OPPGRADERING | | | | 300 000 |
| 000 | KAVLVEGEN PÅ EIDET | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | |
| 000 | TROLLHEIMSUTSTILLINGA (REETABLERING I NYE LOKALER) | | | | |
| 100 | BILKJØP | 350 000 | 325 000 | 350 000 | 350 000 |
| 000 | UTSKIFTING LASTEBIL MED KRAN | 1 500 000 | | | |
| 409 | OPPRUSTING KOMMUNALE VEGAR | 6 000 000 | 6 000 000 | 6 000 000 | 6 000 000 |
| 000 | FORSTERKING KOMMUNALE BRUER | 1 000 000 | | 1 000 000 | |
| 000 | GATELYS-PAKKE BOLIGFELT | | 1 500 000 | | |
| 492 | GATELYS LED | 200 000 | 200 000 | 200 000 | 200 000 |
| 499 | INFRASTRUKTUR INDUSTRIOMRÅDE RØTET | 2 000 000 | | | |
| 000 | GANGVEG GRIMSMO / ØYE BRU | 3 800 000 | | | |
| 437 | SVARTVATNET FRIOMRÅDE GANGVEG | | | | 1 000 000 |
| 438 | SVARTVATNET FRIOMRÅDE | 3 000 000 | | | |
| 434 | HØGBERGET / ØYAGARDSLIA / HESTÅSEN BYGGEFELT | 500 000 | 1 500 000 | 9 000 000 | |
| 000 | HOLTAMOEN BYGGEFELT | 750 000 | | | |
| 441 | KRÅKHAUGEN - FASE 2 UTBYGGINGSAVTALE | | | | |
| 485 | NYSTUBAKKEN ØVRE - KVANNE | | | | |
| 000 | BYGGEFELT FLATHAUAN/TODALEN | | | 700 000 | 4 000 000 |
| 000 | UTVIDELSE TROMYRHAUAN STANGVIK | | | | |
| 497 | BØLANDET BYGGEFELT | | 1 000 000 | | |
| 000 | UTSKIFTING AV RØYKDYKKERBIL / VAKTBEREDSKAPSBIL | | | | 700 000 |
| 000 | UTSKIFTING AV TANKBIL BRANN (1999-MOD) | | | | |
| 000 | UTSKIFTING AV REDNINGSBIL (2001-MOD) | | | | |
| 000 | UTSKIFTING AV BRANNBIL (1998-MOD) | | | | |
| 000 | UTSKIFTING AV BRANNBIL MED TANK (1998-MOD) | | | | |
| 000 | BILKJØP VATN / AVLØP | | | | 550 000 |
| 000 | BILKJØP FEIERVESENET | 550 000 | | | |
| 451 | FAUSKÅA VASSVERK | 1 500 000 | 800 000 | 2 000 000 | |
| 467 | KVANNE OG STANGVIK VASSVERK | 10 000 000 | 7 000 000 | | |
| 480 | PUMPESTASJONAR AVLØPSNETT | 1 000 000 | 1 000 000 | 800 000 | |
| 000 | AVLØP NORDVIK (SOLLIA BYGGEFELT) | 300 000 | | | |
| 502 | BÅT TIL HYTTEFEIING / BEREDSKAP / BERGINGSOPPDRAG | | | | 350 000 |
| 000 | BØFJORDEN VASSVERK | | 750 000 | | |
| 000 | VATN OG AVLØP I ØYEGARDSLIA (FRAMTIDIG BYGGEFELT) | | | 4 000 000 | |
| 000 | AVLØPSANLEGG TELLESBØ | 1 000 000 | | | |
| 405 | DIGITALE KART | 185 000 | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 521 | LAGERBYGG / TILPASNINGER LOKALE TEKNISK (RØTET) | | | 2 000 000 | |
| 000 | OPPGRADERING BARNEHAGELOKALE MIDTIGRENDA | 1 800 000 | | | |
| 100 | BILKJØP | 300 000 | | | |
| 243 | SURNADAL BARNE- OG UNGDOMSSKULE (BYGGEPROSJEKT) | 75 000 000 | 100 000 000 | 25 000 000 | |
| 000 | OPPGRADERING "97-BYGGET" VED ØYE SKULE | | | | |
| 000 | OPPGRADERING KONTORLOKALER 1 ETG KOMMUNEHUSET | | | | |
| 322 | "HELSEHUS" - PLANLEGGING FASE 2 | 500 000 | | | |
| 523 | OMSORGSBOLIGER (16) VED BÅRDSHAUGEN | 25 000 000 | 17 000 000 | | |
| 000 | OMSORGSBOLIGER (XX) VED BÅRDSHAUGEN | | | 25 000 000 | 20 000 000 |
| 000 | KJØP AV SURNADAL LEGEHUS AS | | | | |
| 503 | ROBOTPROSJEKT | | | | 300 000 |
| 000 | BRANNVARSLINGSANLEGG - SJUKEHEIMEN OG OMSORGSBOLIG | 1 000 000 | | | |
| 000 | EGENKAPITALINNSKOT KLP | 1 900 000 | 1 900 000 | 1 900 000 | 1 900 000 |
| 000 | HWC OG DÅPSROM (STANGVIK OG ÅSSKARD) | 350 000 | 350 000 | | |
| 100 | BILKJØP | 1 200 000 | | | |
| | **T O T A L T** | **141 353 123** | **139 225 133** | **78 472 708** | **35 486 112** |
| | | 139 453 123 | 137 325 133 | 76 572 708 | 33 586 112 |

## Forklaring til Investeringsskjema 2020-2023

**INVESTERINGSBUDSJETT**
Prosjekt nr

117 iflg budsjett vedteke i styret for IKT Orkide
167 Digitaliseringsprosjekt med langsiktig effekt - utanom ordinær drift
000 Netto merkostnad kr 150 pr innbygger (anslag)
000
000 50% blir dekt av spillemidler og andre tilskot
000 Vurder det opp mot evt. Verneområdesenter, eller selge/gi bort utstillinga.
100 Utskiftingsplan (overgang til el-biler)
000
409 Asfaltering av kommunale grusveger
000 Prioritering jfr. tilstandsrapport
000 Nye gatelys i eksisterende byggefelt
492 Utskiftingsplan eksisterende gatelys
499 Vegbygging, strøm mv.
000
437
438
434
000 Utbygging infrastruktur 3 nye regulerte tomter
441

485 Grunnerverv for framtidig utviding av Nystubakken
000 Planlegging og grunnerverv og infrastruktur.
000 Uavklart framdriftsplan pt.
497 Infrastruktur 4 tomter.
000 Hovedbrannstasjonen
000 Hovedbrannstasjonen
000 Hovedbrannstasjonen
000 Todalen brannstasjon
000 Kvanne brannstasjon
000
000 Ny feiar - i samband med feiing av fritidsbustader
451 Utskifting av asbestcementrør
467 Høydebasseng Stangvik + overføringsledning/behandlingsanlegg Kvanne.
480 Nedre Surnadal
000
502 Spesialbåt (med lastelem) og motor
000 Utskifting av asbestcementrør
000 Nytt rørnett og pumpestasjoner
000
405 År 3 i fellesprosjekt med andre Nordmørs-kommunar
521 Opprinnlig planlagt i 2019 - revurderes og utsettes
000 Restsum investering oppstartet i 2019
100 El varebil
243 Anbodsinnbydelse utsendt 26.11 - frist 1. februar 2020.
000 Eiga sak på seinare tidspunkt / framtidig bruk ikkje avklart
000 Del av 1. etg - ikkje i bruk pr i dag. Framtidig disp. ikkje avklart.
322
523 16 boliger. 1260 kvm over 2 etg
000
000 Forhandlinger er i innleiande fase - usikkert resultat p.t.
503 Robotvasker/støvsugere div areal + gulvvaskemaskin idrettshallen
000 Nytt heldekkende anlegg
000
000
100 3 stk el-biler (inkl. erstatning for 2 leasingbiler i Sunndal kommune)